


ÅRSRAPPORT 2011

På oppdrag for samfunnet



På oppdrag for samfunnet

Våre tenester skal kome både Forsvaret og heile landet til gode.

Forsvarsbygg sitt hovudoppdrag er å medverke til den vidare moderniseringa av Forsvaret. Ut frå denne rolla spring det mange oppgåver som òg kjem heile samfunnet til gode. Vi skal ta vare på og utvikle den største eigedomsporføljen i landet. Vi skal syta for avhending og tenleg etterbruk av eigedom Forsvaret ikkje lenger treng. Og vi skal utvikle leiande kunnskap på særskilde fagområde, til dømes samfunnstryggleik. I denne årsrapporten kan du lese meir om korleis vi arbeider for å løyse viktige oppgåver til beste både for Forsvaret og samfunnet elles.



Vi skal løysa oppgåver for Forsvaret slik at det òg tener heile samfunnet, seier administrerande direktør Frode Sjørus. (Sjå side 9)

Forsvarsbygg er sentral i vitaliseringa av Akershus festning. (Sjå side 12)

Innhold

Side 04–08

Verksemdoversikt

Dette er Forsvarsbygg

Side 09

Administrerende direktør Frode Sjørusén:

Samfunnsoppdraget spring ut av rolla vår

Side 12–13

Akershus festning

Byutvikling for heile nasjonen

Side 14–15

Frå slott til skytebanar

Korleis ta vare på 13 000 bygg og anlegg?

Side 16–17

Tryggingsfaget etter 22. juli

Saman om eit tryggare Noreg

Side 18–20

Forsvaret treng mindre eigedom

Frå rakettar til rekreasjon

Side 21–23

Arena-konseptet

Ein standard for alt vi leverer

Side 24–25

«Arena Jørstadmoen»

Side 26–27

BIM/BuildingSMART

Alt heng saman med alt

Side 28–29

Målretta energisatsing

Smarte grep gjev store kutt

Side 30–31

Kampen om talenta

Forsvarsbygg freistar fleire

Side 34–38

Leiinga sin gjennomgang

Side 39

Mål for 2011

Side 40–41

Høgdepunkt 2011

Side 42–50

Rekneskap og notar

Samfunnsoppdraget

På mange område kjem Forsvarsbygg sine løysingar og kunnskap heile samfunnet til gode, ikkje berre Forsvaret.

Side 10–20



Arena

Eit gjennomgripande tankesett skal setje retninga for korleis Forsvarsbygg skal byggje og utvikle eigedom og yte tenester til brukarane.

Side 21–25



Leiinga sin gjennomgang

2011 viste at Forsvarsbygg held fram med å yte viktige bidrag til moderniseringa av Forsvaret.

Side 32–38



Dette er Forsvarsbygg


Forsvarsbygg er ein profesjonell, offentlig eideomsaktør som byggjer, driftar og sel eideom for Forsvaret. Etaten har ein eideomsportefølje på 4,3 millionar kvadratmeter bygningsmasse fordelt på om lag 13 000 bygg og anlegg over heile landet. I 2011 vart det investert om lag 1,8 milliardar kroner i nye bygg. Forsvarsbygg har 1 647 tilsette og omset for omlag 6,2 milliardar kroner i året.

4 316 500

KVM AREAL

I EIGEDOMSPORTEFØLJEN


Ved utgangen av 2011 var Forsvarsbygg sin eideomsportefølje på om lag 4,3 millionar kvadratmeter, fordelt på om lag 13 000 bygg og anlegg.



* Medrekna m.a. veg, bruer, vatn, avlaup og annan infrastruktur

Organisert for spesialisering og heilskap

Forsvarsbygg sin organisasjon speglar behovet for spesialisering, samstundes som ein tek vare på heilskap og livsløp.



FORSVARSBYGG UTVIKLING

► Forsvarsbygg utvikling byggjer funksjonelle og rasjonelle eigedomar, bygg og anlegg for Forsvaret, og tek hand om oppgåver innanfor heilskapleg planlegging, tidlegfasevurderingar, anskaffing, byggjing, innkjøp, leige og overtaking.

FORSVARSBYGG UMLEIGE

► Forsvarsbygg utleige tek seg av alle oppgåver innanfor utleige, drift, vedlikehald, reinhald og utvikling av Forsvaret sine eigedomar, bygg og anlegg.

FORSVARSBYGG NASJONALE FESTNINGSVERK

► Forsvarsbygg nasjonale festningsverk har i oppgåve å forvalte, ta vare på og utvikle festningsverk som Forsvaret ikkje lenger skal nytte.

FORSVARSBYGG FUTURA

► Forsvarsbygg futura er eit leiande rådgjevarmiljø innanfor vern og sikring av bygg, verdiar, menneske og miljø, samt juridisk rådgjeving. Forsvarsbygg futura driv òg med forskning og utvikling.

SKIFTE EIGEDOM

► Skifte eigedom er eit forretningsområde i Forsvarsbygg som sel, rydder og miljøsanerer offentleg eigedom.

FORSVARSBYGG FELLESTENESTER

► Forsvarsbygg felles-tenester leverer administrative støttetjenester til alle avdelingane internt i Forsvarsbygg.

Resultatet – hovudmål

Forsvarsbygg skal levere resultat innanfor eit stort spekter av område. Hovudmåla er definerte av eigaren, Forsvarsdepartementet. Måla og vårt arbeid for å nå dei, speglar vår breie tilnærming til omgrepet verdiskaping.

NØKKELTAL 2011	2011	2010	2009
Grunneigedom forvalta	1 441 072 daa	1 377 855 daa	1 368 619 daa
Areal bygningsmasse forvalta	4 316 500 kvm	4 418 830 kvm	4 483 315 kvm
Areal avhenda	157 000 kvm	126 000 kvm	102 000 kvm
Forsvarseigedom seld for	378 mill. kr	303 mill. kr	301 mill. kr
Tal på bygg	10 664	11 102	11 670
Tal på bygg og anlegg	12 859	13 410	14 510
Investering i egne bygg og anlegg	1 810 mill. kr	2 159 mill. kr	2 115 mill. kr
Driftsresultat overført til Forsvarsdepartementet* (eks. sal av eigedom)	842 mill. kr	868 mill. kr	1 040 mill. kr
Tal på årsverk	1 400	1 375	1 358

* Avskrivningar på verdien av eigedomen

842

MILL. KRONER TOTALT OVERFØRT TIL EIGAR

Total overføring frå Forsvarsbygg til Forsvarsdepartementet i 2011 var på kr 842 millionar. I tillegg kjem 135 millionar frå sal av eigedom.

40 %

KVINNER

Av totalt 1 647 tilsette i Forsvarsbygg er 40 prosent kvinner.

157 000

KVM AREAL AVHENDA

I løpet av 2011 avhenda Forsvarsbygg 157 000 kvadratmeter bygningsmasse.

6,2

MRD. KRONER I OMSETNING

I løpet av 2011 omsette Forsvarsbygg for 6,2 milliardar kroner.

Husleigemodell og inntektsstraumar 2011


Husleigemodellen er ein sentral reiskap i den oppgåva Forsvarsbygg er sett til å løyse. Gjennom den vert utgiftene til eigedom, bygg og anlegg i forsvarssektoren gjort synlege, slik at ein får eit betre grunnlag for avgjerder.

Om lag halve husleigeinntekta går direkte attende til drift og vedlikehald. Den andre halvparten vert disponert av Forsvarsdepartementet til modernisering og nybygg. Tala i modellen er for 2011.

2 IIO


MILL. KRONER I SAMLA HUSLEIGEINNTÉKT

Husleigeinntekta for 2011 nådde drygt 2 milliardar kroner. Over halvparten går attende til drift og vedlikehald.



Forsvarsbygg i heile Noreg

Forsvaret har anlegg og eigedom i over 350 norske kommunar. Når Forsvarsbygg har som ambisjon å vere der Forsvaret er, tyder det at vi er til stades i store deler av landet. Det gjev fagleg forankring, naudsynt nærleik til kunden vår og god kunnskap om lokale tilhøve.



ADMINISTRERANDE DIREKTØR
FRODE SJURSEN:

- Samfunnsoppdraget spring ut av rolla vår



- Målet er å skape flest moglege vinn-vinn situasjonar: at vi løyser oppgåvene for Forsvaret på ein slik måte at det òg kjem heile samfunnet til gode.

Slik forklarar administrerande direktør Frode Sjursem tilnærminga Forsvarsbygg har til sitt samfunnsoppdrag. Som øvste leiar gjer han det klart at dette er ei forplikting som vert teken på største alvor. Han opplever samstundes at dette er noko eigarane òg er opptekne av.

- Eg merkar stor og aukande interesse for arbeidet vi held på med i Forsvarsbygg, både i embetsverket og det politiske miljøet, fortel Sjursem. - Og det gjeld ikkje berre korleis vi støttar Forsvaret i moderniseringa deira. Mange har fått med seg at vi representerer høgt utvikla fagleg kompetanse på fleire område som samfunnet har nytte av. Eit

aktuelt døme er den unike fagkunnskapen vi sit på innan trygging av bygningar og infrastruktur. Her har det skjedd ei kraftsamling av det norske fagmiljøet etter 22. juli, med Forsvarsbygg som sentral aktør. Mange har òg festa seg ved effektane vi har fått ut av den målretta energisatsinga. Når vi har klart å få ned energibruken med 15 prosent i året, og samstundes er den største eigedomsforvaltaren i landet, er det mange som spør korleis vi har gjort det. Ikkje minst sidan energi og miljø er eit område der styresmaktene stiller stadig høgare krav.

Sjursem ser òg andre prov på at Forsvarsbygg sin kompetanse er etterspurd.

- Vi har etter kvart bygd opp rådgjevingsmiljø på fleire felt som andre organisasjonar enn Forsvaret gjer seg nytte av. Forretningsområdet Skifte eigedom kan meir enn dei fleste om korleis ein avhendar offentleg eigedom og legg til rette for sivil bruk. Mange offentlege etatar nyttar seg no av

denne ekspertisen når dei står overfor liknande oppgåver. Eit anna døme er kulturminnevern, der Forsvarsbygg nasjonale festningsverk merkar aukande etterspurnad etter sin fagkunnskap. Eg trur dette er ei utvikling som vil halde fram, og ser det som prov på at Forsvarsbygg som leiande fagmiljø har god fart og retning. Å dele denne opparbeidde kompetansen er òg ei viktig samfunnsoppgåve, avsluttar Frode Sjursem.



Lyskunst på Fredriksten
festning. Kunstnären er
Viel Bjerkeset Andersen.

Samfunns- oppdraget

Forsvarsbygg skal tene
Forsvaret, men oppdraget
femner vidare. Les meir om
korleis på dei neste sidene.

Side 12-13
Akershus festning
Byutvikling for heile nasjonen

Side 14-15
Frå slott til skytebanar
Korleis tek ein vare på 13 000 bygg og anlegg?

Side 16-17
Tryggingsfaget etter 22. juli
Saman om eit tryggare Noreg

Side 18-20
Forsvaret treng mindre eigedom
Frå rakettar til rekreasjon

AKERSHUS FESTNING:

Byutvikling for heile nasjonen



Gjennom nye prosjekt vert Akershus festning profilert endå sterkare som kulturarena.

Akershus er kanskje den mest sentrale eiegen i landet – både i tid og rom. Vakker og symboltung ligg den som eit smykke i halsgropa til hovudstaden. No skal festninga og området rundt gjerast endå meir attraktivt for publikum.

Trass høge murar og tunge portar er Akershus på ingen måte isolert i byplansamheng. Den 700 år gamle festninga ligg midt i det området som Oslo kommune no utviklar til det som vert kalla Fjordbyen. Store endringar har alt skjedd på begge sider av festningsområdet. Aker brygge, Rådhusplassen og Bjørvika med operaen har gitt Oslo eit nytt andlet mot sjøen. Så langt har Akershus festning og den gamle bydelen Kvadraturen bak blitt liggjande litt etter i denne utviklinga. Dette vert det no gjort noko med – og Forsvarsbygg er ein sentral aktør.

SAMSPEL RUNDT VISJON

Akershus-området fell naturleg i to hovud- delar: Indre festning i vest, med slottet, det gamle festningsverket og parkområdet rundt; og ytre festning i aust, der mellom anna forsvarsleinga held til. Begge vert forvalta av Forsvarsbygg. Heilt sidan 2003 har det vore arbeid med ein såkalla heilskapleg gjennomføringsplan som set retninga for utviklinga av området. Planen byggjer på ein visjon som uttrykkjer tre hovudambisjonar.

Festninga skal:

- Utviklast til hovudsete for Forsvaret
- Fulle rolla som nasjonalt monument
- Styrkast som byområde for allmenta

For å oppfylle denne ambisjonen krevst det tett samspel med andre partar, i første rekkje Oslo kommune. Ikkje minst er det viktig å få vitalisert Kvadraturen, området mellom Akershus og Karl Johans gate. Meir positiv aktivitet i dette området vil òg auke sjansane for at folk tek seg fram til festninga. Framlegget om ny trikkeline langs Akershusstranda vil dra i same retning. Det er såleis mange gode grunnar til at Forsvarsbygg utviklar sine planar i tett samspel med andre offentlege planar for området.

TRYGG OG TILGJENGELEG

Meir bruk av festningane krev at dei er trygge å vitje og at kulturhistoriske verdiar vert tekne vare på. Det kan verke som om festningsmurane skal halde «til Dovre fell», men dei òg treng vedlikehald. Sidan 2009 er det brukt nærare 100 millionar kroner på naudsynt rehabilitering av murar og tak. Arbeida er ikkje ferdige, men kvite fuger og ny puss på fasadar og tak vitnar om at rehabiliteringa er godt i gang. I arbeidet er det henta fram lenge gløymd kunnskap om murmetodar og oppbygging av festningsvollar. Samstundes gjer nye fasadelys at festninga tek seg enda flottare ut frå utsida.

STEGVIS UTVIKLING SOM KULTURARENA

Utviklinga av Akershus er ein stegvis prosess der ein gjennom enkeltprosjekt byggjer røynsle

for det vidare arbeidet. Desse prosjekta viser òg publikum at det skjer ting på festninga. I aust er det gamle ridehuset renoverert og bygd om til konsertsal – til ovasjonar frå både musikarar og publikum. Ved Karpedammen er det bygd ein semipermanent scene som vert flittig nytta, mellom anna under Oslo Kammermusikkfestival. I det tidlegare laboratoriekjøkenet, som ligg vakkert til på vestsida, opnar ein ny restaurant i 2013. Og nyleg er det teikna leigeavtale for det gamle rensanlegget, som skal verte storstove for film og i tillegg gje rom for konsertar, konferansar og anna aktivitet. Komplekset skal stå ferdig til grunnlovsjubileet i 2014. Frå før er Akershus slott og andre historiske bygningar nytta både til konsertar og teater. Med dei nye prosjekta vert Akershus profilert endå sterkare som kulturarena.

Meir aktivitet er i tråd med filosofien om at bruk er det beste vern. Samstundes er det viktig at dette skjer med vørndnad – på festninga sine premisser. Kulturarena femner meir enn underhaldningstilbod. Like viktig er eigenverdien av festninga som historisk monument. Her kan ein ane vengjeslaga frå historia heilt sidan kong Håkon 5. Magnussons tid, via Christian 4. til dagens bruk for regjering og forsvar. Eit viktig element er Akershus som minnestad for okkupasjonstida 1940–45.

Rettarstaden og Heimefrontmuseet vil for alltid vitne om triste hendingar i ei ikkje altfor fjern fortid.

EIT ÆVELEG PERSPEKTIV

Gjennom dei ulike prosjekta aukar òg kunnskapen om Akershus si historie. Den viktigaste kjelda til informasjon ligg i bygningane og festningsanlegga sjølve. Det er mykje som ikkje er kjent om korleis tilhøva ein gong var, og ein må difor tolke på grunnlag av det ein ser og det som finst av teikningar og skrifter i arkiv.

Forsvarsbygg har fått i oppdrag å skjøtte Akershus på vegne av fellesskapet og har som mål å levere festninga til neste generasjon i enda betre stand. Slik sett kan ein seie at dette er forvaltning i eit æveleg perspektiv.



All utvikling av Akershus skal skje med vørndnad – på festninga sine premisser.

FRÅ SLOTT TIL SKYTEBANAR:

Korleis ta vare på 13 000 bygg og anlegg?

Forsvarsbygg har ansvar for den største eigedomsporteføljen i Noreg. At den vert halden i god stand er ikkje berre avgjerande for Forsvaret som brukar. Det er òg ei viktig samfunnsoppgåve.

Sjølv om mykje eigedom er avhenda i løpet av dei siste åra, sit Forsvarsbygg att med ansvaret for ein eigedomsmasse på over 4,3 millionar kvadratmeter, fordelt på omlag 13 000 bygg og anlegg over heile landet. Ikkje berre er dette landets største portefølje av eigedom – den er òg svært mangslungen, og omfattar alt frå slott til skytebanar. Berre det å halda i stand milevis med gjerde er ei formidabel oppgåve. Ein stor del av bygga er oppførde på 1950- og 1960-talet, og har dermed nådd ein alder der mykje kritisk vedlikehald er naudsynt. Samstundes må avgrensa budsjettmidlar prioriterast slik at eigaren – Forsvarsdepartementet – får dekkja sine behov for høg bruksverdi. Det grunnleggjande kravet er at eigedomane skal gjere Forsvaret best mogeleg i stand til å løyse oppgåvene sine.

KVA TRENG FORSVARET AV EIGEDOM?


Å balansere desse ulike omsyna krev ei langsiktig og strategisk tilnærming. Den viktigaste reiskapen i dette arbeidet er såkalla heilskaplege gjennomføringsplanar. Dette er strategiske planar som vert lagde i samarbeid med Forsvaret med sikte på ei god langsiktig innretting av eigedomsporteføljen. Desse planane har oftast eit geografisk fokus, men kan òg vere tematiske, og til dømes gjelde skytefelt. Målet er å utvikle ein portefølje som møter Forsvaret sine behov effektivt og med høg kvalitet.

Ein annan viktig reiskap er tilstandsregistreringa. Den omfattar heile porteføljen og går over ein syklus på fem år, slik at 20 prosent av bygga vert vurderte i året. Registreringa munnar ut i ei klassifisering av eigedomane etter kva tilstand dei er i.

FORNYING OG VEDLIKEHALD


Gjennomføringsplanar og tilstandsregistrering legg grunnlaget for det konkrete arbeidet med å vedlikehalde bygga eller fornye dei. Grovt sett går to tredelar av ressursane til fornying, mens ein tredel går til vedlikehald. Fornyng omfattar reanskaffing av bygg og anlegg, samt grunnleggjande modernisering av eksisterande anlegg. Det er Forsvarsdepartementet som avgjer kva fornyingstiltak som skal prioriterast, men planlegginga skjer i tett samarbeid med Forsvaret og Forsvarsbygg. Vedlikehaldet er det Forsvarsbygg sjølv som planlegg, mellom anna basert på resultatata frå tilstandsregistreringa. Alt vedlikehald skal vere verdi-bevarande for eigedommen, og 85 prosent av det skal vere planlagt på førehand. Mellom 5 og 10 prosent av bygga er verna. Dette kjem i tillegg til dei nasjonale festningane, som er

Det er stort spenn i bygningsmassen Forsvarsbygg forvaltar – frå flystasjonar, som på Andøya, til historiske bygningar, som på Fredriksten festning (bilete under).



ALDER PÅ BYGNINGSMASSEN

Søylene viser kor mykje bygningsmasse som er reist kvart år sidan 1940.



forvalta av ei eige forretningsområde; Forsvarsbygg nasjonale festningsverk.

ETTERSLEP

Etterslep på vedlikehald av dei nasjonale festningane er betra, etter at 100 millionar kroner er sette inn for å betre tilstandsgraden. For anna eigedomsportefølje i Forsvarsbygg, har tilstandsgraden vist ein svak negativ tendens. Dette heng saman med at mange av bygga er så gamle at det er stort etterslep og trong for vedlikehald. For å målrette arbeidet med vedlikehald, arbeider Forsvarsbygg vidare med innføring av kostnadsdekkjande husleige basert på såkalla livssykluskostnader. Enkelt sagt vil det seie at husleiga ikkje berre skal dekkje byggjekostnadene, men òg kostnadene som er forventa så lenge bygget skal stå, inkludert vedlikehald, oppgraderingar og andre

utgifter. For alle nye bygg vert husleiga fastsett på denne måten. Når dette prinsippet gradvis vert innført for alle bygga vil det medverke til at etterslepet på vedlikehald kan hentast inn.

KRAFTSAMLING LETTAR ARBEIDET

Når Forsvaret no samlar verksemda på færre stader og Forsvarsbygg byggjer meir kompakte anlegg, vil dette over tid lette arbeidet med å ta vare på og utvikle eigedomane. Kraftsamling gjev òg innsparing på infrastruktur. Ein får betre strategisk kontroll med eigedomsporteføljen og kan fokusere innsatsen både på fornying og vedlikehald. Slik vil kraftsamlinga av Forsvaret òg gjere at Forsvarsbygg betre kan målrette sine ressursar til gagn både for forsvarssektoren og samfunnet elles.



Om lag to tredelar av ressursane til verdibevaring går til fornying, resten til vedlikehald.

TRYGGINGSFAGET ETTER 22. JULI:

Saman om eit tryggare Noreg

Åtaket på regjeringskvartalet 22. juli har vist kor viktig det er at fagmiljøet arbeider saman om trygging av samfunnskritiske bygningar og infrastruktur. I dette samarbeidet spelar Forsvarsbygg ei nøkkelrolle.

Berre ein time etter at bomba gjekk av utanfor høgblokka, var to ekspertar frå Forsvarsbygg på plass ved bombekrateret og assisterte etterforskarane frå politiet. Samstundes organiserte ein annan ekspert annan innsats. I tida etterpå har fagspesialistar i Forsvarsbygg vore sentrale i arbeidet med å analysere hendinga og bygge røynslene inn i det vidare tryggingarbeidet. Oppgåvene har mellom anna vore å kartlegge skadeomfanget i Regjeringskvartalet og vurdere faren for at bygningsmasse og fasadar skal rase saman. I tillegg leier Forsvarsbygg den tverrfaglige gruppa som tilrår tryggingstiltak for dei bygga som no vert nytta mellombels av departementa som måtte flytte etter bombeterroren.

– Perioden frå 22. juli og ut året var ekstremt hektisk, fortel Roar Andersen, som er oppdragsleiar i Forsvarsbygg futura. – På fem månader vart det utarbeidd åtte omfattande analyser. Det vanlege er ein eller to over ein slik periode. Men så har vi òg samla inn og gjort tilgjengeleg ei stor mengd kunnskap, og samstundes vore med og knytt saman det tryggingfaglege miljøet i ein grad som aldri før er gjort i Noreg.

PÅ OPPDRAG FRÅ FAD

Det er Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (FAD) som er oppdragsgjevar i den intensiverte satsinga som no skjer. I tillegg til Forsvarsbygg involverer den Oslo Politidistrikt, PST, Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM), Statsbygg og departementa sitt servicesenter. Arbeidet har form av fokusert innsats knytt til konkrete prosjekt. Ut av arbeidet kjem det tilrådingar på ulike område, men det er til sjuande og sist eigar eller leigetakar som avgjer om tilrådinga skal følgjast. Christian Fredrik Horst er avdelingsdirektør for tryggingseininga i FAD. Han stadfester den viktige rolla til Forsvarsbygg:

– Forsvarsbygg sit på unik ekspertise og røynsle knytt til vern og trygging av bygg og infrastruktur. Vi har arbeidd saman sidan lenge før terroråtalet og har bygd opp ein tett relasjon. Den kom ikkje minst til nytte den første tida etter hendinga, då arbeidet hadde form av krisehandtering, fortel Horst.

FLEIRE HUNDRE ÅR MED RØYNSLE

– Det er ikkje naturleg at Forsvarsbygg sit på unik kunnskap innan tryggingfaget, seier

“ Forsvarsbygg sit på unik ekspertise og røynsle knytt til vern og trygging av bygg og infrastruktur.

Christian Fredrik Horst,
avdelingsdirektør, FAD



Roar Andersen. – Så lenge Noreg har hatt eit forsvar, det vil seie i mange hundre år, har vern og trygging av eigedom, bygg og anlegg vore ein sentral disiplin. Akershus og dei andre festningane våre står som talande døme på dette.

Under den kalde krigen var det forløparen til Forsvarsbygg – Forsvarets bygningsteneste – som bygde dei avanserte fjellanlegga som inngår i NATO sitt system for kontroll og varsling. Dei seinare åra er det bygd opp ekspertise knytt til Noreg si deltaking i internasjonale fredsoperasjonar, særleg i Afghanistan. Ikkje minst har ein samla mykje kunnskap og røynsle gjennom arbeidet med den norske basen i Meymaneh. Dette er høgst relevant ekspertise i høve til det nye trusselbiletet, der terroråtak inngår som ein hovudrisiko. Fagmiljøet i Forsvarsbygg er òg styrkt gjennom samarbeid med tilsvarande miljø i utlandet, særleg i USA og Storbritannia.

HEVING AV GRUNNTRYGGLEIKEN

Av naturlege årsaker kan ein ikkje gå i detaljar når det gjeld kva tiltak som kjem ut av arbeidet. Eitt viktig punkt har likevel vore opent diskutert; om ein skal heve den såkalla grunn-

tryggleiken. Ein har tidlegare basert seg på ein kombinasjon av beredskaps- og tryggingstiltak der beredskapstiltaka berre vert sette i verk ved eit eventuelt forvarsel eller ein konkret trussel. Spørsmålet vert då i kor stor grad beredskapstiltaka skal implementerast som faste tryggingstiltak.

– Hendingane 22. juli var eit døme på at ein sjeldan får slike forvarsel, seier Christian Fredrik Horst.


– Ein lyt difor vurdere om ein skal heve det grunnleggjande tryggingnivået rundt sentrale bygningar og vital infrastruktur. Det vil måtte vegast opp mot negative konsekvensar, til dømes for trafikkavviklinga. Dette er ein av mange krevjande diskusjonar knytt til arbeidet vårt.

– Styresmaktene må gjere fleire viktige val i tida framover, supplerer Roar Andersen.

– Vårt mandat er å leggje fram tilrådingar. Gjennom den kraftsamlinga som er gjort etter 22. juli vil det faglege fundamentet for desse tilrådingane vere sterkare enn nokon gong.



I 2005 ga Forsvarsbygg ut Sikringshåndboka, som etter kvart er etablert som «bibelen» for alle som driv med tryggingarbeid i Noreg. Snart kjem den i ny utgåve.



↑ Med stort areal og sentral plassering kan Bømoen på Voss by på mange moglegheiter for nye eigarar.

←← Ved Langesund tankanlegg i Telemark vart fjellanlegg, tankar og uteområde sanerte slik at området kunne takast i sivil bruk.

← Persaunet er i dag ein bydel i Trondheim med både bustad- og næringsområde. Opprinneleg var Persaunet ein tysk ubåtleir.



Tett samarbeid med lokale interesser er avgjerande for god sivil etterbruk når Forsvaret sel eigedom.

FORSVARET TRENG MINDRE EIGEDOM:

Frå rakettar til rekreasjon

Forsvarsbygg står bak det største salet av offentleg eigedom som nokon gong er gjort i Noreg. Sidan 2001 er eigedom for 2,8 milliardar kroner seld på vegner av Forsvaret. Å leggje til rette for sivil etterbruk er ein viktig del av oppgåva.

Når Forsvaret no samlar verksemda si på færre stader har dei ikkje lenger trong for alt dei før har eigd av bygg, anlegg og areal. Å finne nye eigarar til desse eigedomane er ei av oppgåvene Forsvarsbygg er sett til å løyse. Det meste av denne aktiviteten ligg i forretningsområdet Skifte eigedom. Sidan Forsvarsbygg vart oppretta i 2001 er om lag 2,5 millionar kvadratmeter bygningsmasse avhenda, noko som har sikra forsvarssektoren inntekter på 2,8 milliardar kroner.

Det ligg i oppdraget at avhendinga skal skje i samsvar med Stortinget sine mål og

retningsliner. Det vil mellom anna seie at oppgåva omfattar miljøoppyrdding, tilrettelegging for ny sivil bruk og heile prosessen fram til nye eigarar tek over. For at dette skal skje må Skifte eigedom blant anna samarbeide med lokale og kommunale interesser.

WISE KVA SOM ER MOGELEG

Ein viktig del av salsarbeidet er å vise potensielle kjøparar og interessentar kva ein tidlegare forsvarseigedom kan nyttast til. Når større eigedomar skal seljast vert det difor ofte utarbeidd ein såkalla mogelegheitsstudie. Eit døme er Bømoen leir på Voss, med eit areal på

2 300 dekar og 21 000 kvadratmeter bygningsmasse fordelt på 71 bygningar. Med eit stort areal og sentral plassering kan Bømoen by på mange mogelegheiter både for næringsverksemd og andre aktivitetar. Det er viktig at Forsvarsbygg klarer å formidle denne verdien, både for å få rett pris for eigedomen og for at Bømoen best mogeleg skal koma det sivile samfunnet til gode. Andre store salsprosjekt i 2012 er Kokstad ved Flesland flyplass i Bergen, Olavsvern i Troms og Begby ved Fredrikstad.

framhald neste side →

MILJØOPPRYDDING

Bømoen er òg eit døme på det ansvaret Forsvarsbygg har for miljøopprydding før avhending. Etter over 100 år med forsvarsrelatert verksemd vert området no rydda, sikra og miljøsanert. Mellom anna er det lagt ned eit stort arbeid for å miljøsikre eit større skyte- og øvingsfelt. Skifte eigedom arbeider systematisk med å kartleggje og fjerne forureining på alle eigedomar som skal seljast. Arbeidet startar med miljøkartlegging, før det vert utarbeidd risikoanalysar og tiltaksplanar.

ETTERSPURD EKSPERTISE


Gjennom dei mange og krevjande prosjekta som er gjennomførde sidan 2001 har Forsvarsbygg og Skifte eigedom bygd djup kunnskap og røynsle på fleire fagfelt. Stadig fleire kundar utanfor Forsvaret nyttar seg av denne ekspertisen. Ikkje minst er den etterspurd av andre offentlege verksemdar som skal avhende eigedom eller vurderer å gjere det. Skifte eigedom tilbyr både strategisk rådgjeving og meir praktisk støtte knytta til mellom anna miljøsanering. Mellom verksemdene som nyttar seg av denne ekspertisen finn ein Helse Sør-Øst, Nordlandssykehuset, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) og Universitetet for miljø og biovitenskap (UMB).

500
TUSEN KVM

I 2010 identifiserte Forsvaret 500 000 nye kvadratmeter som mogelege areal for avhending.

MEIR TIL SALS

Utviklinga mot eit meir kompakt forsvar held fram, og arbeidet med avhending er på ingen måte avslutta. I 2010 gjekk Forsvaret på ny gjennom eigedomsporføljen sin, og identifiserte 500 000 kvadratmeter som mogelege areal for avhending. Alt tyder difor på at Forsvarsbygg får rikeleg høve til å foredle ekspertisen sin på dette området i tida frametter. Samarbeid med sivile styresmakter vert prioritert høgt, slik at skifte av eigar skjer med høgast mogeleg verdi, ikkje berre for seljar og kjøpar, men for heile samfunnet.



Sidan 2001 er over 20 000 dekar gjort om frå avsperra forsvarseigedom til friluftsområde opne for alle.

Ein arena er ein stad der elementa
heng naturleg saman og dannar
ein heilskap. Her frå Rena leir.

Arena-konseptet: Ein standard for alt vi leverer

Forsvarsbygg skal levere smarte, sikre og grønne arenaer. Denne lovnaden set retninga både for korleis vi byggjer og utviklar eigedom og korleis vi yter tenester til brukarane våre.



Forsvarsbygg kan bidra til et bedre forsvar gjennom å skape gode leire der menige og befal kan øve, arbeide og lære best mulig. De kan òg være en viktig bidragsyter til at folk velger en karriere i Forsvaret og blir værende. Trivsel og velferd er viktig.

Forsvarssjef Harald Sunde

Omgrepet «arena» har sitt opphav i eit posisjoneringsarbeid der spørsmålet var korleis ein best kunne uttrykkje det Forsvarsbygg skal levere for å fylle si rolle. Svaret var at «Forsvarsbygg skal levere smarte, sikre og grønne arenaer». Sidan har omgrepet byrja få fotfeste i organisasjonen og etter kvart òg mellom brukarane i Forsvaret.

I Forsvarsbygg definerer vi ein arena slik:

- Ei samling bygg og infrastruktur innanfor eit definert område
- Ein stad der elementa heng naturleg saman og dannar ein opplevd heilskap
- Ein stad der vi kan tilby eit sett med tenester til relevante målgrupper

Det vil seie at konseptet femner både fysiske bygg og anlegg og måten Forsvarsbygg leverer tenestene sine. Forsvarsbygg har definert til saman 14 leirar og basar som arenaer, i tillegg til festningane.

RETTA INN MOT DET FORSVARET TRENG

Forsvaret har dei siste åra vore gjennom ei radikal omstilling. Det gamle mobiliseringsforsvaret er borte, og erstatta av eit modernisert innsatsforsvar som er mindre, lokalisert på færre stader, men samstundes betre i stand til å løyse oppdraga sine. På dei stadene Forsvaret framleis skal vere ønskjer Forsvaret seg fleksible, kompakte leirløysingar. Arenatenkjinga er viktig når Forsvarsbygg skal svare på dette ønsket. Eit døme er dei nye planane som er utvikla for Jørstadmoen leir ved Lillehammer (sjå s. 24–25). Her vil bygningar og funksjonar som no er spreidde over eit stort område verte samla på eit mykje mindre areal. Slik oppnår ein fleire vinstar: Kostnader til transport går ned, ein sparer pengar og vernar miljøet gjennom lågare energibruk, og dei tilsette i leiren får betre arbeidstilhøve, både kvar for seg og når dei skal arbeide saman.



Arne Ellingsen, arenaleiar, Jørstadmoen leir.

På kvar arena vert det tilsett ein arenaleiar. Denne personen vil vere det primære kontaktpunktet mot brukarane og ha øvste ansvaret for at Forsvarsbygg utøver godt vertskap. Den første av desse er no tilsett på Jørstadmoen. Han heiter Arne Ellingsen og har tidlegare røynsle som serviceleiar.

I SAMPEL MED EIGAR OG BRUKAR

Når ein leir skal utviklast til ein god arena, er det avgjerande at dette skjer i tett samspel med Forsvarsdepartementet som eigar og Forsvaret som brukar. Departementet set retninga gjennom dei strategiske føringane for det nye forsvaret. Det praktiske samarbeidet skjer gjennom styrde prosessar der eigedomsansvarlege i Forsvaret konkretiserer kva dei treng overfor Forsvarsbygg.

MEIR ENN BERRE BYGNINGAR

Som nemnt femner ein arena om meir enn berre det fysiske bygningsmiljøet. Det set ein standard for den samla opplevinga brukarane får gjennom servicen vi yter, måten vi opptre på og trivselen vi skaper. Med andre ord: Vi skal vere eit godt vertskap og la brukaren oppleve Forsvarsbygg som ein heilskap. Forsvaret konkurrerer med mange andre om dei beste unge kandidatane. Om ein skal lokke

desse til å velge ei militær karriere, er trivsel særleg viktig, sidan ein ikkje berre skal arbeide, men òg bu i leiren. Dette er noko Forsvaret sjølv har lagt vekt på ved fleire høve. Dette inneber òg at ein arena må innehalde gode sosiale møteplassar.

For Forsvarsbygg tyder dette at vi må arbeide målretta for å bli eit godt vertskap. Der er difor utarbeidd eit eige service- og vertskapskonsept som no vert rulla ut i heile organisasjonen. Eit av tiltaka er at brukarane får eitt kontaktpunkt i Forsvarsbygg, same kva behov eller spørsmål ein har. Eit viktig prinsipp er at brukaren ikkje skal måtte ta omsyn til korleis Forsvarsbygg er organisert. Det vert òg arbeidd målretta med å bygge kunnskap og forståing mellom dei tilsette om kva det vil seie å vere eit godt vertskap. Eit anna viktig tiltak er at det skal utnemnast ein arenaleiar for kvar arena. Den første av desse er no på plass på Jørstadmoen (sjå eiga sak).

TESTING GJENNOM PILOTAR

«Arena» er ikkje eit ferdig detaljert konsept. Det vil i stor grad verte utvikla gjennom utprøving og evaluering undervegs. Tre basar er tidlegare plukka ut til å vere pilotar i dette arbeidet: Jørstadmoen ved Lillehammer, Haakonvern i Bergen og Karljohansvern i Horten. I tillegg er fem nye pilotar valde ut: Skjold og Setermoen i Midt-Troms, Høybukmoen ved Kirkenes, Sessvollmoen ved Gardermoen og Rena. Med dette trappar Forsvarsbygg vidare opp satsinga mot å utvikle eit tilbod innan eigedom, bygg og anlegg som er retta inn mot Forsvaret sine nye krav og behov.



1

SMARTARE: 15 noverande kontorlokaltetar vert samla til 3. Slik sparar ein kostnader til transport og energi, og vilkåra for å arbeide saman vert betre.

2

SIKRARE: Leiren får eit meir kompakt operativt kjerneområde, noko som vil gjere basen tryggare. Ei ny hovudvakt med nye sikkerheitssoner gjev betre kontrolltilhøve.

3

GRØNARE: Nye bygg vert oppførde med strenge energikrav. Det vert lagt til rette for lågare transportbehov og betre avfallshandtering.

«Arena Jørstadmoen»

Jørstadmoen ved Lillehammer er mellom leirane som er plukka ut som pilot i utviklinga av smarte, sikre og grønne arenaer. Planar ligg føre for ei større ombygging av leiren, med sentrale ambisjonar i arenakonseptet bygde inn. Planane er så langt på eit tidleg stadium, og «nye» Jørstadmoen vert truleg ikkje nett som vist her. Men hovudprinsippa vil liggje fast.



4

GODE MØTEPLASSAR: Utanfor det operative kjerneområdet er det planlagt eit nytt sosialt samlingspunkt både for sivile og militære.

På Sessvollmoen bruker ein BIM/buildingSMART for å optimalisere energi-bruken i heile leiren.

BIM/BUILDINGSMART:

Alt heng saman med alt

I byggjebnarsjen kan ein hauste store vinstar ved å arbeide smartare saman med hjelp av informasjonsteknologi. Forsvarsbygg er ein aktiv pådrivar for å få til dette.

I eit bygg eller ein leir heng alt saman med alt. D t er eit problem n r noko ikkje fungerer. Og omvendt: Det kan gje store vinstar, om ein f r delane til   spele saman best mogeleg. Ein kan byggje raskare og med mindre feil, ein kan gjere klokare val b de f r og under byggjing, og ein kan drive bygg og anlegg betre og billegare, ikkje minst med l gare energibruk. St rstedelen av Forsvarsbygg sin omsetnad består av varer og tenester handla p  den opne marknaden. For   f  til teknologiutvikling i bransjen vil difor Forsvarsbygg saman med Statsbygg vere ein krevjande kunde p  vegne av staten. Ved   stille krav til akt rane vil ein medverke til at alle som treng det f r tilgang til rett, relevant og eintydig informasjon – heile tida. N kkelen ligg i digital samhandling, gjenbruk og deling av informasjon basert p  internasjonale digitale standardar for byggverk. Det er det BIM/buildingSMART handlar om. Om ein lukkast gjev det ikkje berre  konomist vinst. Det gjer det  g lettare   f lgje forskrifter for eigedomar og eigedomsdrift, og det er eit svar p  kravet om verdiskaping og berekraftig utvikling.

GJENNOBROT

buildingSMART er namnet byggjen ringa har sett p  sin kommunikasjonsstandard (IFC) for bruk av s kalla bygningsinformasjonsmodellar (BIM). BIM er  g internasjonal terminologi for dei digitale informasjonsprosessane (IDM) som g r gjennom heile verdikjeda. Nettverket som har ansvar for   fremje og forvalte standardane ber  g namnet building SMART (buildingSMART Norge og buildingSMART International).


I Forsvarsbygg vart buildingSMART starta opp i 2006 gjennom det s kalla



byggekostnadsprogrammet. Gjennombrotet kom i 2010, d  ein kunne dokumentere korleis vinstar kunne hentast ut fr  r ynslene ein hadde gjort seg i arbeidet med fleirbruksbygget Galeien ved Haakonsvern i Bergen. I 2011 vart det gjennomf rt eit 100 prosent digitalt anbod med god respons fr  marknaden. Dette forsterkar trua p  at BIM/buildingSMART er byggen ringa sin viktigaste reiskap for industrialisering, og eit svar p  dei aukande krava n ringa m ter n r det gjeld produktivitet og evne til   handsame komplekse produkt og tenester. I 2012 er det forventa at innf ringa skyt enda st rre fart.

PILOT P  SESSVOLLMOEN

Som landets st rste eigedomsforvaltar har Forsvarsbygg mange mogelegheiter til   teste ut BIM/building SMART. For tida er metoden i bruk i om lag 60 prosjekt, i st rre eller mindre omfang. Ei viktig f remon er den oversiktlege og tredimensjonale modellen som gjer det mogeleg   visualisere alt p  mange niv  og i



buildingSMART er namnet byggjenæringa har sett på sin kommunikasjonsstandard (IFC) for bruk av såkalla bygningsinformasjonsmodellar (BIM).



Blandingsgassboden på Haakonsværn: **buildingSMART** frå start til mål

I eit nytt teknisk bygg ved Haakonsværn i Bergen har BIM/buildingSMART sett standarden heilt frå starten.

Blandingsgassboden er eit teknisk tilbygg til dykke- og froskemannsskolen ved Haakonsværn i Bergen. Her vert utstyret til dykkarane halde ved like og klargjort.

Det gamle og nedslitne bygget er erstatta med eit nytt. Her sette BIM/buildingSMART standarden heilt frå starten. Alle anbudsdokument var i digitale format og ein komplett BIM-modell av bygget vart gjort tilgjengeleg. Modellen gjer det eintydig for alle korleis bygget skal sjå ut, og ein kan hente ut alle detaljar om kva varer/materiale bygget skal setjast saman av. Slik vart det òg lettare for interesserte å forstå prosjektet og levere anbod. Samstundes legg det til rette for eit best mogeleg samarbeid med valde leverandørar heilt frå starten. Under oppføring av bygget gjennomførte ein digitale byggjemøter, digital framdriftsstyring og automatisk økonomisk oppfølging i tett samhandling med entreprenørane. Slik fekk ein prøvd ut metoden frå start til mål.

Prosjektet vekte stor merksemd då det våren 2011 vart presentert under den internasjonale buildingSMART-konferansen i Abu Dhabi. Det er eitt av mange prov på at Forsvarsbygg ligg heilt i tet på dette området, både i Noreg og internasjonalt.

ulike grensesnitt. I tradisjonelle prosjekt kan ein og same informasjon verte lagt inn opptil sju gonger, noko som fører til mange feil og mistydingar. Med BIM vert informasjonen lagt inn berre ein gong.

Mellom dei viktige BIM-prosjekta i Forsvarsbygg no er Sessvollmoen leir ved Gardermoen. Her er planen å «BIMme» heile leiren. Med dette som grunnlag vil ein freiste å få til betre energioptimalisering i eksisterande bygningsmasse. Utgangspunktet var eit etter måten nytt bygg som ikkje fungerte som det skulle. Hovudproblemet var at dei ulike tekniske installasjonane i det komplekse bygget ikkje arbeidde saman. I dag er det mellom anna integrert lys- og varmekontroll i alle rom og energimålarar som dokumenterer korleis energien vert nytta. Slik blir Sessvollmoen ein pilot både når det gjeld bruk av buildingSMART og arbeidet med å nå Forsvarsbygg sitt mål om 30 prosent lågare energibruk innan 2014. Når leiren er «BIMma», vil ein søkje fleire mogeleg-

heiter for effektivisering. Eit anna viktig pilotprosjekt er den såkalla Blandingsgassboden på Haakonsværn ved Bergen (sjå eigen omtale).

FYRTÅRN

I Forsvarsbygg er ein ikkje berre oppteken av å innføre buildingSMART i eigen organisasjon. Det er òg eit mål å vere ein pådrivar i bransjen. Dette skjer mellom anna gjennom det såkalla Fyrtårnprosjektet i regi av bransjeorganisasjonen Norsk Teknologi. Målet er å dele røynsle og skape eit miljø der fleire kan tileigne seg kompetansen. Som del av dette arbeidet held Forsvarsbygg møter og miniseminar om BIM/buildingSMART for aktørar i bransjen, helst knytt til pågåande prosjekt. Dette er ei utprega vinn-vinn-satsing. Dess fleire som nyttar metoden, dess betre kan Forsvarsbygg arbeide saman med sine leverandørar for å levere effektive bygg av høg kvalitet.

MÅLRETTE ENERGISATSING:

Smarte grep gjev store kutt

94 GWh
MINDRE I ÅRET


Sidan 2007 har Forsvarsbygg redusert energibruken med 94 GWh i året – det tilsvarer energibruken i 3 600 einestader.

Å spare energi er ein god ting, både for pengeboka og miljøet. Når ein er landets største eigedomsforvaltar er det òg ei forplikting. Sidan 2007 har Forsvarsbygg redusert energibruken med 15 prosent. No er målet å kutta 15 prosent til.

Med 13 000 bygg i porteføljen vil Forsvarsbygg alltid vere ein storforbrukar av energi. Det tyder òg at det verkeleg monnar om ein klarer å kutte. Innsparinga som ein har oppnådd sidan 2007 utgjer 94 GWh i året – noko som tilsvarer energibruken i 3 600 einestader. Rekna om til sparte energiutgifter blir dette om lag 110 millionar kroner i året – midlar Forsvaret kan nytte til andre formål. I miljørekneskapan kan ein notere at utsleppet av CO₂ er redusert med 45 000 tonn årleg. Ein annan positiv effekt er betre inneklima.

SMARTE SYSTEM

Resultata kjem etter ei større målretta energisatsing som vart sett i verk i 2006/2007. Størst effekt har ein oppnådd gjennom tekniske system som gjer det mogeleg å styre energibruken betre. Enkelt sagt tyder det at ein i større grad klarer å levere rett mengd energi der det trengst, når det trengst. Eit døme er vassbåren varme, ei hovudenergiform i Forsvarsbygg.



Om ein ukritisk pumpar vatn rundt i systemet, går mykje energi til spille. No vert det innført system som sørgjer for at berre naudsynt mengd vert pumpa ut, slik at returvatnet er kaldt. Eit anna viktig tiltak er at 15 energisentralar er bygde om slik at olje er erstatta med fornybar energi som energikjelde.

LÆRING GJENNOM PILOTPROSJEKT

I 2011 vart det gjennomført eit pilotprosjekt ved Luftkrigsskulen i Trondheim som tydeleg viser kor mykje energi ein kan spare gjennom smarte styringssystem. Prosjektet omfatta to forlegningar, der tiltak vart innførde i den eine, men ikkje i den andre. I forlegning I vart det montert sensorar i romma slik at temperaturen automatisk vert skrudd opp når ein person går inn, og ned igjen når denne forlet rommet. Temperaturen vert òg senka om natta, og om eit vindauge vert opna, vert varme og ventilasjon automatisk skrudd av. I tillegg kan ein tinge rom på førehand slik at det vert varma opp i eit visst tidsrom. Målingar viste at energibruken i forlegning I vart redusert med 35 prosent i høve til forlegning II.

Andre viktige pilotprosjekt er gjennomførde ved Haakonssvern i Bergen (sjå eiga sak) og på Skjold, Setermoen og Bardufoss i Troms.

NYE KUTT MOT 2016

I 2012 går startskotet for fase to i energisatsinga. Målet er å spare nye 15 prosent innan 2016. Mange av dei «enklaste» tiltaka er alt innførde, så det vil verte meir krevjande å nå det nye målet. Som ein del av satsinga er målet å innføre passivhusstandard for nye bygg frå 2018. Passivhus er eit bygg med lågast mogeleg energibehov gjennom bruk av passive tiltak som isolasjon, tettleik, og så vidare. Eit anna mål er å leggje ein handlingsplan for oppgradering av eksisterande bygningsmasse til klasse C innan 2020. Det vert òg arbeidd systematisk med å gjere det enklast mogeleg for brukarane å spare energi. Det er mykje å hente gjennom at den enkelte gjer rette val, til dømes ved å skru av elektrisk utstyr når arbeidsdagen er slutt.

Energisparing er ikkje «rakettskapskap». Det handlar først og fremst om systematisk å ta i bruk kjend teknologi og kjende verkemiddel og bygge kunnskap og rette haldingar i organisasjonen.



Lønsam fornying i Bergen

Ved marinebasen Haakonssvern i Bergen har ein som ein del av energisatsinga bygd om eldre varmeanlegg og installert system for mengde-regulering. Oppvarming skjer via effektive nye sjøvarmepumper og fjernvarmesystem. Tiltaka har gjeve god effekt:

- 21 GWh er spart sidan 2006
- I forlegningen Briggen (biletet) er årleg forbruk redusert med 30 prosent, eller 500 000 kWh
- I andre enkeltbygg er energibruken redusert med over 40 prosent
- 4,5 GWh er konvertert frå olje til fornybar energi som varmepumpe



KAMPEN OM TALENTA:

Forsvarsbygg freistar fleire

Kvart år legg analyseselskapet Universum fram sine lister over dei mest attraktive arbeidsgjevarane i landet. Verksemda som klatra raskast på listene i 2011 heiter Forsvarsbygg.

Dette er ei svært oppmuntrande utvikling, etter at selskapet dukka opp på listene for første gong i 2010. På lista der fagfolk rangerer arbeidsgjevarar innan tekniske fag, er Forsvarsbygg nr. 35 (42 i 2010). På favorittlista til teknologistudentane enda selskapet på 52. plass (82 i 2010).

– Desse resultatane har ikkje kome av seg sjølv, fortel HR-leiar Jan Petter Stenberg i Forsvarsbygg. Vi har arbeidd planmessig både med kommunikasjonen mot arbeidsmarknaden og med å utvikla oss som arbeidsgjevar, forklarar han. – Under overskrifta «Bygd for di utvikling» er det formidla eit tydeleg bilete av Forsvarsbygg både gjennom stillingslysingar og på rekrutteringstilskipingar.

UTVALDE SKULAR

For å få tak i dei beste unge nyutdanna er det viktig å vere synleg på dei rekrutteringsdagane som høgskulane skipar til. Dei siste åra har Forsvarsbygg prioritert fire skular i dette arbeidet: NTNU i Trondheim, universitetet for Miljø- og biovitenskap (UMB) på Ås, Høgskolen i Bergen og Høgskolen i Narvik.

– Vi har samla oss om få skular for å kunne gjennomføre med høg kvalitet, seier Stenberg. – På vår stand møter dei interesserte ein miks av nye, dyktige medarbeidarar og seniortilsette som kan bidra med klokskap og røynsle. Det ser ut til å vere ein vellukka strategi. Fleire vert overraska når dei får høyra om breidda og den faglege tyngda i det vi held på med. Mange av våre bygg, anlegg og utfordringar er ikkje nett A4. Det er ikkje alle stader ein får vere med og leggje til rette for sal av ein ubåtdokk, for å seie det slik.

MÅLRETTE UTVIKLINGSARBEID

Godt kommunikasjonsarbeid eksternt er viktig for at gode kandidatar skal velje Forsvarsbygg. Men like viktig er det å fremje utvikling og trivsel internt, slik at dei blir verande. Då kjem ein ikkje utanom ein systematisk og målretta HR-innsats. Fleire viktige stolpar utgjer reisverket i dette arbeidet, forklarar Stenberg. – All læring og kompetanseutvikling vert kanalisert gjennom læringsportalen LUR (læring, utvikling og realisering). Portalen sikrar høg kvalitet og ei felles tilnærming, og femner både



I 2011 var Forsvarsbygg den verksemda som klatra raskast på teknologistudentane si favorittliste, i følgje analyseselskapet Universum.



Tiltrekt av eit sterkt fagleg miljø

– I Forsvarsbygg fann eg eit sterkt fagmiljø på mitt felt, og oppgåvene låg innan eit område der eg hadde røynske og ønskje om å utvikle meg vidare.

Slik grunnjev Elin Julsen kvifor ho valde å ta imot tilbodet om å byrje som advokat i Forsvarsbygg. Som tilsett i Advokatane i Forsvarsbygg, ei eining i forretningsområdet Forsvarsbygg futura, steller ho med generell juridisk rådgjeving og yter i tillegg bistand knytt til avtalar og konflikthandtering innan kontraktsrett.

– Det er mykje spennande å ta tak i her for ein jurist, og det er rom for å påverke eigne arbeidsoppgåver innanfor rammene av Forsvarsbygg sine behov, fortel Elin Julsen. – I tillegg er det lagt godt til rette for å halde seg oppdatert fagleg, mellom anna gjennom eksterne kurs. Ikkje minst viktig er det sterke faglige miljøet. Det var avgjerande då eg slutta som privatpraktiserande advokat og byrja her – og hovudgrunnen til at eg framleis jobbar i Forsvarsbygg, avsluttar Elin Julsen.

e-læring, undervisning i mindre grupper og klasseromsundervisning. Både interne og eksterne lærerkrefter vert nytta. Mellom anna er det sett i gang eit nytt leiarutviklingsprogram i samarbeid med det anerkjende AFF i Bergen. Eit anna sentralt verkemiddel er den såkalla kompetansetrappa. Gjennom denne får kvar tilsett klar innsikt i kva han eller ho treng å fokusere på for å nå neste nivå, anten ein har valt fag eller leiing som karriereveg.

TYDELEGE FORVENTINGAR

I 2011 vart HR-politikken i Forsvarsbygg sett under lupa. Målet er å skapa eit betre samspel mellom leiarskap og såkalla medarbeidarskap. Stikkordet er tydelege forventingar. Kva skal Forsvarsbygg forvente av sine leiarar? Og kva forventingar kviler på den tilsette?

– Det er viktig at desse forventingane er i balanse og byggjer opp om kvarandre. Det er òg viktig at den enkelte tek ansvar for eigen utvikling. Dette vil vi no nedfelle tydelegare i vår HR-politikk. Slik kan Forsvarsbygg bli ein enda betre og meir attraktiv arbeidsgjevar, avsluttar Jan Petter Stenberg.

Breidda og den faglege tyngda i det Forsvarsbygg held på med overraskar mange.





Fredsskipene er frå Fredriksvern
verft. Kunstnaren er P iivi Laakso.



Leiinga sin gjennomgang

Side 34–38
Leiinga sin gjennomgang

Side 39
Mål for 2011

Side 40–41
Høgdepunkt 2011

Side 42–50
Rekneskap og notar

LEIINGA SIN GJENNOMGANG:

Forsvarsbygg i 2011

2011 viste at Forsvarsbygg held fram med å yte viktige bidrag til moderniseringa av Forsvaret. Samstundes syner året at det målretta arbeidet med forbetring og profesjonalisering må halde fram.

NØGDE BRUKARAR, KUNDAR OG GJESTER

Forsvarsbygg har også i år arbeidd med å vidareutvikle og sikre gode leveransar til Forsvaret. Kundeundersøkinga som vart gjennomført våren 2011 synte at Forsvaret i hovudsak er nøgd med reinhald, drift og rådgjeving. Dei gjev Forsvarsbygg lågare score på omdømme i forsvarssektoren.

Forsvarsbygg har òg nokre kundar utanom forsvarssektoren. Det er dei sivile leigetakarane på festningane, kjøparar av tidlegare forsvarseigedom og andre eigarar av offentleg eigedom som ynskjer å nytte den spesialkompetansen Forsvarsbygg har på område som sikring av bygg, sal av eigedom og kunnskap om kulturminne. Desse kundane er gjennomgåande nøgde med Forsvarsbygg.

Heile 2,6 millionar vitja eit av dei nasjonale festningsverka i 2011. Festningane er etablerte som attraktive arenaer for både kultur og næring, og det er ei viktig samfunnsoppgåve å bevare og utvikle festningane for ny og aktiv bruk for kommande generasjonar.

EIGEDOMANE

Forsvarsbygg hadde ved utgangen av 2011 ansvar for ein eigedomsporfølje på 4 316 500 kvadratmeter bygningsareal og i alt 1 441 000 dekar eigedom. Ei av dei viktigaste oppgåvene er å ta vare på verdiane som ligg i bygga, anlegga og eigedomane til forsvarssektoren, og å arbeide aktivt for å unngå verditap. Dette gjer vi gjennom godt planlagt og førebyggjande vedlikehald og fornying av bygga. Vedlikehaldet er basert på ei vurdering

4 316

TUSEN KVM BYGNINGSAREAL

Forsvarsbygg hadde ved utgangen av 2011 ansvar for ein eigedomsporfølje på 4 316 500 kvadratmeter bygningsareal og i alt 1 441 000 dekar eigedom.

2,6

MILLIONAR GJESTER

2,6 millionar vitja eit av dei nasjonale festningsverka i 2011.



av tilstanden til bygga. Tilstandsvurderingane syner ei svak negativ utvikling i bygga sin tilstand. Tilstanden på dei antikvariske murane på festningane er betra gjennom auka vedlikehald og tryggingstiltak dei siste åra.

Forsvarsbygg skal berekne kostnadsdekkjande husleige for alle sine bygg og anlegg. Husleiga vert berekna med heile livsløpet, såkalla livs-sykluskostnad. Den kostnadsdekkjande husleiga skal dekkje forvaltning, drift og vedlikehald av bygga. Delar av husleiga vert brukt til nye investeringar og fornying av bygg.

1. Ingar Asper (økonomidirektør), 2. Steinar Lie (direktør Forsvarsbygg futura), 3. Roger Jenssen (direktør Skifte eigedom), 4. Dag Westby (direktør internkontroll), 5. Marit Jacobsen Leganger (kommunikasjonsdirektør), 6. Olaf Dobloug (direktør Forsvarsbygg utvikling), 7. Bjørn Georg Hagen (Forsvarsbygg fellestenester), 8. Frode Sjursen (administrerende direktør), 9. Haakon Øberg (eigendomsdirektør), 10. Nina Eidem (direktør Forsvarsbygg nasjonale festningsverk), 11. Ragnar Bjørngaas (strategi- og utviklingsdirektør) og 12. Pål Benjaminsen (direktør Forsvarsbygg utleige).

NYETABLERINGAR

I 2011 vart det investert 1,4 milliardar kroner i fornyingar og nye bygg og anlegg. Fleire store og viktige prosjekt vart avslutta i 2011, mellom anna eit nytt kontorbygg for generalinspektøren i Heimevernet på Terningmoen. NATO-hovudkvarteret Joint Warfare Centre vart opna i Stavanger, og på Haakonsværn vart eit nytt militært treningssenter teke i bruk. Etter 40 år med planlegging og bygging kunne Forsvarsbygg i 2011 overlevere eit unikt øvingsområde til Forsvaret då skyte- og øvingsfeltet Mauken og Blåtind i Troms vart knytte saman.

SAL OG RYDDING AV EIGEDOM

Forsvarsbygg avhenda 157 000 kvadratmeter bygningsmasse i 2011. Ein del av dette vart gjort gjennom sal. Forsvarsbygg selde forsvarseigedom for 378 millionar kroner i 2011. Ikkje sidan 2007 har eigedomssalet gjeve høgare salsinntekter for forsvarssektoren. Det største enkeltsalet var Møldal tomteområde i Madla bydel i Stavanger. Dette vart seld for 101 millionar kroner. Netto kontantresultat for eigedomssalet var på 135 millionar kroner. Dette er pengar som vert førte tilbake som inntekter til Forsvarsdepartementet.

Ei anna viktig oppgåve er miljøsanering, riving og rygging av tidligare forsvarseigedomar. I 2011 vart det brukt 158 millionar kroner på dette og ei av dei største oppgåvene var å miljøsanere gamle avfallsfyllingar i den tidlegare Hofstad leir i Melhus kommune i Trøndelag.

EI FORSVARLEG FORVALTING

Som ein del av staten legg Forsvarsbygg stor vekt på at forvaltninga skal vere god og

forsvarleg. Forsvarsbygg har diverre dei siste åra sett døme på at dette ikkje alltid har vore tilfelle. Difor har 2011 vore eit år med stort fokus på å bringe forvaltninga i orden. Det har vore arbeid med både rutinar og praksis, og ikkje minst med å utvikle felles leiarprinsipp som sikrar ei forsvarleg forvaltning. Organisasjonen har vorte styrkt for å kunne utføre forvaltingsoppgåver med enda meir kompetanse og betre kvalitet. Nær alle tilsette har delteke i eit opplæringsprogram om etikk og haldningar, eit tema det har vore arbeid mykje med som ein del av å styrkje tilliten til verksemda og sektoren.

ØKONOMI

Forsvarsbygg fekk i 2011 driftsinntekter og kapitalinnskott til investeringsprosjekt på 6,2 milliardar kroner (same nivå som for 2010). Driftsresultatet vart 180 millionar kroner før nedskrivingar, som er 43 millionar kroner betre enn budsjett. Dette har si årsak i at fleire bygg er overleverte og sette i drift i 2011. Det er gjennom året skrive ned verdiar på utrangert og avhenda eigedom på til saman 218 millionar kroner. 2011 er første året nedskrivingane på eigedom, bygg og anlegg belastar Forsvarsbygg sitt resultat. Tidligare år er slike nedskrivingar gjort direkte mot balansen. Resultatet etter nedskrivingane på eigedom vart negativt med 37 millionar kroner.

Inntektene kjem frå leigeinntekter på 2,1 milliardar kroner og forsyning, reinhald og vertskapstenester på 1,5 milliardar kroner. I 2011 vart det investert i ulike byggjeprojekt for 1,8 milliardar kroner, og det vart seld eigedom for 378 millionar kroner.

1,4

MRD KRONER INVESTERT

I 2011 vart det investert for 1,4 milliardar kroner i fornyingar og nye bygg og anlegg.

10 490

RÅDGJEVINGS- TIMAR

I 2011 selde Forsvarsbygg 10 490 timar rådgjeving til andre offentlege verksemdar enn Forsvaret.

110

MILLIONAR KRONER SPART ÅRLEG

Sidan 2007 har Forsvarsbygg redusert energiforbruket med 94 GWh, og slik spart 110 millionar kroner i året.

ETTERSPURD KOMPETANSE

Forsvarsbygg har høg og unik kompetanse innan ei rekkje fagområde. I 2011 opplevde verksemda ein auke i etterspurnaden etter denne kompetansen frå andre offentlege eigedomseigarar. Dette gjeld i hovudsak fagområder som vern og sikring av bygg og anlegg, kulturminnevern og avhending av offentleg eigedom. I 2011 vart det selt 10 490 rådgjevingstimar til andre offentlege verksemdar.

Å kunne bidra med rådgjeving òg utanfor forsvarssektoren, er eit bidrag til ein oppdatert og robust kompetanse innanfor områder som er sentrale for Forsvarsbygg og forsvarssektoren. Mykje av Forsvarsbygg sin spisskompetanse er tufta på forskning og utvikling, og Forsvarsbygg ynskjer å vere tidleg ute for å møte Forsvaret sine framtidige behov og for å bidra til ei god utvikling i eigedomsbransjen.

MILJØ

Forsvarsbygg har saman med Forsvaret avslutta fyrste fase av eit energileiingsprogram støtta av Enova. Rapportering av resultat for 2011 vil skje i mars 2012, men prognosane syner at målet om ein reduksjon i forbruket på 90 GWh er nådd. Det er inngått ei ny avtale med Enova om å setje i verk neste fase av programmet i 2012. Sidan 2007 er energiforbruket redusert med 94 GWh. Dette tilsvarer 15 prosent og betyr 110 millionar kronar spart årleg. I tillegg er 59 GWh konvertert til fornybare energikjelder og CO₂-utsleppa er redusert med til saman 45 000 tonn per år. Utsleppet av CO₂-ekvivalentar frå oppvarming med fossilt brensel vart redusert med 10,96 prosent i 2011.

Forsvarsbygg si eiga verksemd fører med seg avgrensa fare for forureining med miljøfarlege stoff. På eigedomane vi forvaltar, blir det likevel drive verksemd som fører til fare for forureining av det ytre miljøet. Betydelege mengder forureining stammar frå eldre militærverkstemd. Forsvarsbygg samarbeider tett med forureiningsmyndighetene for å sikre ei effektiv og miljøvennleg, god handtering av desse miljøutfordringane. Dette gjeld òg eigedommar som skal avhendast. I 2011 vart det rapportert om fire mindre utslepp til vatn og grunn.

I samband med riving av utrangerte bygg vart det i 2011 produsert om lag 51 000 tonn byggavfall. 97 prosent av dette vart kjeldestortert. Det same gjeld for 60 prosent av avfall frå drifta.

KOMPETANSE

Forsvarsbygg har i dag i hovudsak den kompetansen som trengst for å løyse oppgåvene. Samstundes opplever ein utfordringar med nokre fagstillingar i enkelte områder. Dette gjeld særleg innan dei tekniske faga. Det er difor viktig å vere til stades på relevante utdanningsinstitusjonar og å syne seg fram i arbeidsmarknaden på andre måtar. Forsvarsbygg har utarbeidd eit konsept for å møte arbeidsmarknaden og målar attraktiviteten hos studentar og unge yrkesutøvarar.

For å vere ein attraktiv arbeidsplass med naudsynt kompetanse no og i framtida, har Forsvarsbygg etablert ein eigen læringsportal på intranettet; LUR (læring, realisering, utvikling). Her er alle kompetansebyggjande tiltak samla og portalen gjev god oversikt over både tilbod og deltaking. Det har vore

arbeidd særskilt med medarbeidersamtalen som eit grunnlag for å identifisere kompetansebehov. Som eit ledd i å profesjonalisere og styrkje kompetanseutvikling og medarbeidaroppfølging, har Forsvarsbygg òg teke i bruk verktøyet «Kompetanseweb». Her loggfører ein all kompetanse med tanke på å kunne utnytte den best mogeleg i organisasjonen, og alle medarbeidersamtaler og utviklingsplanar vert lagra her.

LEING


Forsvarsbygg har i 2011 utarbeidd og vedteke overordna leiarprinsipp og medarbeidarprinsipp. Prinsippa skal gjere tydeleg kva krav og forventningar som gjeld for leiarrolla og vise kva som kjenneteiknar gode medarbeidarar. Prinsippa skal styrkje både åtfærd og haldningar og gje gode leiarar og arbeidsgjevarar. Både leiarar og medarbeidarar i Forsvarsbygg skal være gode representantar for Forsvarsbygg, forsvarssektoren og offentleg sektor.

Det er innført ein heilskapleg modell for leiarutvikling i Forsvarsbygg. I 2011 vart det inngått ei rammeavtale med Administrativt forskningsfond (AFF) ved Noregs Handelshøgskule om leiarutvikling. Opplæringa er basert på tematiske modular og er retta mot mellomleiarar og nye leiarar. Modulane er no faste tilbod i Forsvarsbygg sin opplæringsportal, LUR.

LIKESTILLING

Forsvarssektoren og eigedomsbransjen er område med mange menn. Forsvarsbygg er ikkje noko unnatak. Per 1. januar 2011 vart det utført 1375 årsverk i Forsvarsbygg.

UTVIKLING I EIGEDOMSPORTEFØLJEN 1992-2011



På slutten av året hadde talet på årsverk auka til 1400. Ein vesentleg del av auken skriv seg frå tilsetjing av personell som arbeider med innkjøp, kontraktsoppfølging og verdivarving av eigedomane. Talet på tilsette på slutten av året var 1647, av desse var 23 militært tilsette på heiltid. Dei militære stillingane var fordelte på desse gradene: Kaptein, major, oberstløytnant og oberst. Alle dei tilsette i militære stillingar er menn.

I 2011 var prosentdelen av kvinner i Forsvarsbygg 40 prosent, 18 prosent i toppleiinga og 19 prosent i leiande stillingar totalt.

STILLINGAR MED KARANTENE OG ELLER SAKSFORBOD

Per 31. desember 2011 var det to stillingar og ei stilling under utlysning som var underlagt karantene og saksforbod. Begge stillingane var på direktørnivå og vart underlagt seks månader karantene og eit år saksforbod. I 2011 starta òg kartlegginga av kva for stillingar i Forsvarsbygg som bør underleggjast karantene og/eller saksforbod. Det vert arbeidd vidare med å innarbeide nye rutinar på dette området.

UTSIKTENE FOR 2012 OG FRAMOVER

Forsvarsbygg vil ha ei sentral rolle i realiseringa av den nye langtidsplanen for Forsvaret som skal leggjast fram for Stortinget i 2012. Det gjeld både bygging av eventuelle nye bygg og anlegg, og avhending av det som eventuelt vert teke ut av forsvarsstrukturen. I samband med langtidsplanen skal Stortinget ta ei avgjerd om kampflybase i Noreg. Forsvarsbygg oppretta frå 1. januar 2012 eit eige prosjekt som skal vere klart til å starte arbeidet med ny base så snart avgjerda er teken.

Ei av dei viktigaste oppgåvene vil framleis vere å styrkje vedlikehaldet og bevaringa av verdiar i forsvarssektoren sine eigedomar, bygg og anlegg. Det gjeld både for dei tekniske verdiar, bruksverdien og verneverdiane til bygga. Forsvarsbygg løyser ei viktig oppgåve for sektoren og Forsvaret, og vil halde fram med å gjere dette på ein måte som òg kjem omverda og resten av samfunnet til gode.

Mål for 2011

Forsvarsbygg har i 2011 arbeidd etter fire hovedmål:

1. Ta vare på forsvarssektoren sine eigedomar, bygg og anlegg på ein verdibevarande og miljøtenleg måte
2. God økonomistyring
3. Betra evne til forsvarleg forvaltning
4. Effektive verdiskapingsprosessar

Nedanfor følgjer eit samandrag av dei viktigste momenta knytt til desse måla i 2011.

1

Ta vare på forsvarssektoren sine eigedomar, bygg og anlegg på ein verdibevarande og miljøtenleg måte

- Forsvarsbygg registrerer og analyserer tilstanden på sektoren sine bygg, eigedomar og anlegg. Sjølv om tilstanden òg i 2011 har ei svak negativ utvikling, er det indikasjonar på at den negative utviklinga er i ferd med å flate ut.
- Ekstra vedlikehald av dei antikvariske murane på festningane gjev ein positiv effekt på tilstanden hos desse.

3

Betra evne til forsvarleg forvaltning

- Forsvarsbygg har endra og styrka organisasjonen på områda internkontroll, innkjøp og kontraktrådgjeving.
- Kompetansen på fleire område innan forvaltninga er styrka gjennom ei rekkje kurs og opplæringsprogram.
- Forsvarsbygg har arbeidd systematisk med haldningar, etikk og leing, i tråd med tilsvarande satsing elles i forsvarssektoren.

2

God økonomistyring

- Driftsresultatet i 2011 vart 180 millionar kroner før nedskrivingar i 2011, 43 millionar kroner betre enn budsjett. Dette har si årsak i at fleire bygg er overlevert og sett i drift i 2011.
- Forsvarsbygg sine inntekter kjem frå leigeinntekter på 2,1 milliardar kroner, og forsyning, reinhald og vertskapstenester på 1,5 milliardar kroner.
- I 2011 vart det investert i ulike byggeprosjekt for 1,8 milliardar kroner, og det vart selt eigedom for 378 millionar kroner.

4

Effektive verdiskapingsprosessar

- Alt vedlikehald har i hovudsak vore basert på den registrerte tilstanden hos eigedomane, bygga og anlegga.
- Det vart sett i gong arbeid med å redusere kostnader knytt til investeringar i nye bygg og anlegg og til forvaltning av dei nasjonale festningsverka.
- Forsvarsbygg har framleis fokus på effektiv avhending av eigedom, bygg og anlegg forsvarssektoren ikkje lengre har bruk for.

Høgdepunkt 2011



↑ Nytt NATO-senter

Sommaren 2011 opna NATO-hovudkvarteret Joint Warfare Centre i Stavanger. Prisen var på 600 millionar kroner, arealet er på 13 500 kvadratmeter og anlegget er teikna av LMR Arkitektur.

Skytefelt slått saman

I september vart skytefelta Mauken og Blåtind i Målselv kommune knytte saman etter 40 års planlegging og bygging. Kostnaden var på 450 millionar kroner.

Sjef INI etablert på Jørstadmoen

Forsvarsbygg etablerte eit nytt modulbygg på Jørstadmoen for generalinspektøren for Forsvarets informasjonsstruktur (GI INI). Flyttinga av GI INI markerer starten på ei rekkje byggjeprojekt på Jørstadmoen, mellom anna bygginga av tre forlegningsbygg.

↑ I form på Haakonssvern

I september opna eit nytt militært treningsanlegg til 350 millionar kroner på Haakonssvern. Anlegget på 9 000 kvadratmeter er teikna av Longva arkitekter.

HV til Terningmoen

Generalinspektøren for Heimevernet flytta til Terningmoen ved Elverum. Forsvarsbygg etablerte kontorbygg på 1 000 kvadratmeter, og forlegningsbygg med 24 hyblar over 860 kvadratmeter.

Prisdrøss på Rena

Idrettsparken bustader på Rena hausta tre prisar i 2011: «Årets trebyggeri 2010», «Innlandets trepris 2011», og «Forsvarsbyggs arkitekturpris 2011».

Kunst rundt minnelund

May Bente Aronsens kunstverk av stål-stenger i cortenstål vart innvigd. Det omkransar minnelunden i Rena leir og skaper assosiasjonar til skogen rundt.

Torås fort er historie

Siste del av Torås fort vart selt. Fortet vart etablert av Forsvaret i 1939 som ein del av forsvaret av ytre Oslofjord. I dag er staden eit populært friluftsområde ope for alle.

Hofstad leir miljøsanert

Miljøsaneringa av Hofstad leir i Melhus kommune i Trøndelag vart avslutta. Leiren vart etablert i 1942-43 og har vore nytta til militær aktivitet, lagring og vedlikehald av ammunisjon.

Forsvarslinje vert avvikla

Avviklinga av den såkalla Frøylinja, ei forsvarslinje som strekkjer seg på tvers av Troms fylke, er starta. 299 små og store anlegg utgjer linja, som vart etablert i perioden 1952-1995.

Friluftsområde på Huseby

Bygginga av nytt friluft- og aktivitetsområde på Husebytomta i Oslo er igangsett. Tiltaket følgjer eit vedtak gjort i samband med flyttinga av den amerikanske ambassaden.

God pris for Møldal

Møldal tomteområde i Madla bydel i Stavanger vart selt for 101 millionar kroner, heile 40 millionar over takst.

Frå bygg til brensel

16 500 kvadratmeter bygningsmasse vart gjort om til 1 275 tonn biobrensel då 31 gamle lagerbygg i Hovemoen leir ved Lillehammer vart rivne. Til saman gav bygga nok energi til å dekkje forbruket til 280 husstandar i eit heilt år.



← Kunst på festningar

Tre kunstprosjekt er realiserte med stønad frå DNB NOR-stiftinga. Kunstprosjekta er å finne på festningane Karljohansvern og Fredriksvern verft.

■ Festningar sikra

Det vart utført sikringsprosjekt på festningane for 104 millionar kroner, mellom anna på Bergenhus festning.

← Rom for trivsel

Ekstra vedlikehald for 45 millionar kroner er utført i kasernebygg over heile landet for å betre trivselen blant soldatane.

■ Statsministeren til Akershus

Statsministeren flytta inn i Leiingsbygget på Akershus festning. Det vart sett i verk hastetiltak og flytting av 160 personar for å frigjere lokale til statsministeren og staben hans.

← Utgreiing om kampflybase

Forsvarsbygg har i samband med lokalisering av ny kampflybase levert ei strategisk konsekvensutgreiing til Forsvarsdepartementet knytt til støy, miljø og kulturminner.

■ Biologiske verdiar tilgjengelege

Alle registreringar av biologiske verdiar på Forsvarsbygg sine eigedomar er gjort offentleg tilgjengeleg gjennom databasen Noreg Digitalt.

■ Jubileum i Halden

Fredriksten festning fylte 350 år i 2011. Dette vart markert med ein serie aktivitetar i løpet av året, og kulminerte i eit flott lyd- og lysspel i november.

■ Store energikutt

Forsvarsbygg presenterte den største energisatsinga som nokon gong har vore gjennomført i eigedomsbransjen. I fyrste fase har Forsvaret spart 94 GWh. Energibruken er redusert med 15 prosent, svarande til 110 millionar kroner i året.

■ Eigenkapital til Kjeller

Ved opprettinga av hovudverkstaden på Kjeller som statsføretak, har Forsvarsbygg lagt til rette for selskapet sin eigenkapital ved å overføre eigedom.

Resultatrekneskap

TAL I 1 000 KRONER	NOTAR	2011	2010	2009
DRIFTSINTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER				
Leigeinntekter		2 110 032	2 034 852	1 890 543
Inntekter frå forsyning, reinhald og vertskapstenester		1 484 240	1 458 473	1 403 617
Inntekter frå investeringsprosjekt		1 809 835	2 158 748	2 115 346
Kapitalinnskot investeringsprosjekt		-1 458 247	-1 736 752	-1 729 011
Vinst ved sal av anleggsmiddel		378 151	303 387	300 785
Inntekter frå løyvingar		270 778	151 354	228 146
Honorarinntekter o.a.		105 498	161 826	70 404
Sum driftsinntekter	1, 2	4 700 287	4 531 888	4 279 830
DRIFTSKOSTNADER				
Vare- og tenestekjøp		1 681 328	1 598 191	1 541 304
Leigekostnader innleigde bygg		255 001	248 366	233 128
Energikostnader		593 828	616 509	562 729
Lønskostnader	3	807 983	759 977	733 610
Avskrivningar	5	996 289	971 502	896 318
Andre driftskostnader		185 634	210 040	219 592
Sum driftskostnader, før nedskrivningar		4 520 062	4 404 585	4 186 682
Driftsresultat før nedskrivningar		180 225	127 303	93 148
NEDSKRIVNINGAR				
Nedskrivningar	5	142 137	120	995
Nedskrivning Kjeller	4	75 951	0	0
Driftsresultat	1, 2	-37 863	127 183	92 153
FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADER				
Finansinntekt		944	-163	3 512
Annan finanskostnad		-148	-158	-122
Netto finansresultat		796	-321	3 390
Årsresultat		-37 067	126 862	95 543
OVERFØRINGAR				
Overført til/(frå) eigenkapital	8	-37 067	126 862	95 543
Sum overføringar		-37 067	126 862	95 543

Balanse per 31. desember

TAL I 1 000 KRONER	NOTAR	2011	2010	2009
EIGEDELAR				
Anleggsmidler				
Tomter	5	2 345 427	2 355 641	2 357 825
Bygg, anlegg og infrastruktur	5	35 374 833	34 297 309	31 034 370
Anlegg under utføring	6	2 150 666	2 540 949	2 936 363
Eigedelar, utstyr og inventar	5	47 390	53 596	46 268
Driftsmiddel under utvikling		0	0	2 501
Aksjar		2	0	0
Fordring omstillingsmidlar	7	3 710	14 758	32 183
Sum anleggsmidler	1	39 922 028	39 262 252	36 409 510
Omløpsmidlar				
Kundefordringar	8	48 422	53 108	81 358
Andre kortsiktige fordringar		386 723	249 392	284 594
Mellomvere eigar	9	29 552	127 742	-15 502
Sum omløpsmidlar	1	464 697	430 242	350 450
Sum eigedelar		40 386 725	39 692 494	36 759 959
EIGENKAPITAL OG GJELD				
Eigenkapital				
<i>Innskoten eigenkapital</i>				
Innskoten eigenkapital	10	37 610 900	37 068 188	34 541 078
Sum innskoten eigenkapital		37 610 900	37 068 188	34 541 078
<i>Opptent eigenkapital</i>				
Reguleringsfond	10	0	95 882	134 004
Annan opptent eigenkapital	10	1 257 582	1 431 745	1 587 584
Sum opptent eigenkapital		1 257 582	1 527 627	1 721 588
Sum eigenkapital	1	38 868 482	38 595 815	36 262 666
Forpliktingar og gjeld				
<i>Avsetjing for forpliktingar</i>				
Avsetjing for omstillingskostnader	7	3 710	14 758	32 183
Sum avsetjing for forpliktingar		3 710	14 758	32 183
<i>Langsiktig gjeld</i>				
Gjeld til NATO		983 531	615 000	0
Sum langsiktig gjeld		983 531	615 000	0
<i>Kortsiktig gjeld</i>				
Leverandørgjeld		149 556	155 465	81 736
Anna kortsiktig gjeld		381 446	311 456	383 375
Sum kortsiktig gjeld		531 002	466 921	465 110
Sum forpliktingar og gjeld	1	1 518 243	1 096 679	497 293
Sum eigenkapital og gjeld		40 386 725	39 692 494	36 759 959

OSLO, 15. FEBRUAR 2012

FRODE SJURSEN

ADMINISTRERANDE DIREKTØR



Kontantstraumanalyse

TAL I 1 000	31.12.11	31.12.10	
DIREKTE MODELL – BASERT PÅ RAPPORTERING TIL STATSREKNESKAPEN			
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar			
Innbetalingar frå honorarinntekter og løyvingar	235 278	327 841	
Innbetalingar frå leigeinntekter	2 105 325	2 015 569	
Innbetalingar frå driftsavtalar	774 244	740 311	
Innbetalingar frå sal av reinhald	249 617	235 532	
Innbetalingar frå sal av vertskapstenester	444 991	421 976	
Innbetaling frå investeringar ikkje aktivert	247 869	283 159	
Sum innbetalningar	4 057 324	4 024 388	
Utbetalingar for vare- og tenestekjøp investeringar	-435 901	-374 215	
Utbetalingar energi, gjennomstrøymingskostnader	-626 321	-582 421	
Utbetalingar for leige av eigedomar	-250 704	-255 007	
Utbetalingar for vare- og tenestekjøp FDVU**	-1 062 183	-984 625	
Utbetalingar til tilsette, løn, pensjon, arb.gjevaravg.	-878 135	-819 618	
Utbetalingar for annan driftskostnad	-194 828	-221 377	
Andre postar	134 268	197 421	
Sum utbetalningar	-3 313 804	-3 039 842	
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	A	743 520	984 546
Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar			
Innbetalt ved utrangering av eigedom, bygg og anlegg	392 038	312 375	
Utbetalt ved utrangering av eigedom, bygg og anlegg	-256 985	-188 740	
Utbetalingar ved utvikling av eigedom, bygg og anlegg	-1 513 822	-1 967 101	
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	B	-1 378 769	-1 843 466
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar			
Ny langsiktig gjeld	388 095	615 000	
Tilskot investeringsprosjekt aktivert	1 026 016	1 222 744	
Tilskot investeringsprosjekt ikkje aktivert	99 711	129 357	
Andre tilskot frå eigar	0	26 360	
Overført til eigar	-976 763	-991 297	
Netto kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar	C	537 059	1 002 164
Mellomvere eigar 01.01	D	127 742	-15 502
Mellomvere eigar 31.12	E=A+B+C+D	29 552	127 742
Avstemming mot resultat			
Årsresultat	-37 067	126 862	
Netto ved sal av eigedomar	-135 053	-123 635	
Av- og nedskrivningar	1 214 377	971 622	
Gjort opp trekkrettar, bruttobudsjettert på drift	-232 978	0	
Endring i kundefordringar	4 684	28 250	
Endring i leverandørgjeld	-5 910	73 729	
Endring andre tidsavgrensingspostar	-67 341	-36 715	
Skilnad bokført og kontant ikkje klassifisert som omløpsmidlar eller kortsiktig gjeld	2 808	-55 567	
Netto kontantresultat	A	743 520	984 546

* Året 2010 var det første året det blei utarbeidd ei kontantstraumanalyse. Det blei ikkje utarbeidd noka kontantstraumanalyse for 2009. Etter førebels norsk rekneskapsstandard for kontantstraumanalyser er samanliknbare tal ikkje eit krav ved implementering.

** FDVU: Forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling

Note 01

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk. Forsvarsbygg avlegg eksternrekneskap til statsrekneskapen etter kontantprinsippet. Forsvarsbygg er eit ordinært forvaltingsorgan.

TRANSAKSJONSBASERTE INNTEKTER

Transaksjonar blir resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Sal av tenester blir inntektsført i takt med at tenestene blir utførte.

INNTEKTER FRÅ LØYVINGSFINANSIERTE AKTIVITETAR

Løyvingar blir inntektsførte i same perioden som den aktiviteten dei skal finansiere, er utført i, dvs. i den perioden kostnadene kjem på.

Når årsrekneskapen blir lagt fram, er den endelege løyvinga til drift for året inntektsført. Den endelege løyvinga til drift svarar til løyvingane for året og eventuelle belastingsfullmakter. Ubrukte løyvingar som ikkje kan overførast til neste rekneskapsår, blir ikkje inntektsførte.

Investeringsløyvingar for finansiering av nye eigedomar, bygg og anlegg (EBA) blir rekneskapsførte som eigenkapitalinnskott. Investeringsløyvinga dekkjer òg investeringsprosjekt som ikkje kan aktiverast. Løyvingar til denne typen prosjekt blir inntektsførte over resultatrekneskapen.

KOSTNADER

Kostnader som gjeld transaksjonsbaserte inntekter, blir rekneskapsførte i same perioden som den tilhøyrande inntekta. Kostnader for aktivitetar som blir finansierte ved løyvingar, blir rekneskapsførte i den perioden då aktivitetane som løyvingane var meint å finansiere, er utførte.

PENSJONAR

Forsvarsbygg har obligatorisk tenestepensjon i Statens Pensjonskasse (SPK). Pensjonsordninga blir rekneskapsført som ei innskotsbasert ordning. Pensjonskostnaden for året svarar difor til arbeidsgjevaren sin del av det årlege premiebeløpet til SPK.

EIGENKAPITAL

Ved etableringa av Forsvarsbygg i St.prp. nr. 77 (2000-2001) blei det fastsett at eigedomsmassen skulle gå inn som verksemdskapital, og den blei rekneskapsført som

innskoten eigenkapital. Forsvarsbygg er ikkje den lovlege eigaren av eigedomsmassen til verksemda, men forvaltar det norske forsvaret sine eigedomar på vegner av staten.

KLASSIFISERING OG VURDERING AV BALANSEPOSTAR

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld femner om postar som forfell til betaling innan eit år etter anskaffingstidspunktet, og postar som knytter seg til varekretsløpet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmidlar/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel er vurderte til det lågaste beløpet av anskaffingskostnaden og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Anleggsmiddel er vurderte til anskaffingskost med frådrag for planmessige avskrivningar. Anleggsmidla blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er venta å vere forbigående.

ANLEGGSMIDDEL

Bygg og anlegg er balanseførte og blir avskrivne over den forventa levetida til driftsmiddelet. Vinsten ved sal av anleggsmiddel er salssummen fråtrekt bokførte verdiar. Ved overføring av EBA til Skifte eigedom blir bokførte verdiar brukte. På tidspunktet for utrangering/overføring til Skifte eigedom blir EBA verdsett til netto salsverdi dersom ein reknar med at den er lågare enn den bokførte verdien. Skilnaden mellom bokførte verdiar ved utrangering og verdsettjing på utrangeringstidspunktet blir klassifiserte som nedskrivning. Balanseført verdi på EBA som blir rive, er òg inkludert i nedskrivningar.

Programvare som utgjør ein integrert del av eit fysisk driftsmiddel, blir rekna som ein del av det fysiske driftsmiddelet.

Opningsbalanse 1. januar 2002

Då opningsbalansen blei utarbeidd, blei det lagt til grunn at bruksverdien basert på gjenanskaffingsverdien representerer verdien til fysiske eigedelar.

Då ein fastsette gjenanskaffingsverdiar, blei det teke omsyn til slitasje og elde basert på utrekna avskrivningar over levetida til eigedelen, teknisk funksjonell standard og andre tilhøve som har noko å seie for verdifastsetjinga. Verdsettjinga av tomter er gjort på grunnlag av ei kategorisering av råtomta som tek omsyn til geografisk plassering, utan infrastruktur. Gjennomsnittsvurderingar etter valde satsar innanfor dei ulike kategoriane ligg til grunn for verdsettjinga. Det er brukt ulike kvadratmeterprisar for tomteareal avhengig av om tomtene ligg i byar, i bymessige strok, mindre byar, tettstader eller i ein annan type spreidd busetnad.

I opningsbalansen blei det gjort ei avsettjing for framtidige tap i samband med avhending av EBA. Avsettjinga er nettobokført mot varige driftsmidlar i balansen. Fram til 31.12.2010 blei bokført verdi av bygg som ein i løpet av året hadde bestemt skulle utranerast og overførast til Skifte eigedom, rekneskapsført mot avsettjinga på overføringstidspunktet. Varige driftsmiddel som blei tekne hand om av Skifte eigedom, blei såleis rekneskapsførte utan verdi i balansen. Fram til utgangen av 2010 blei heile

salssummen for avhenda EBA bokført som vinst ved sal av eigedelar i resultatrekneskapen.

ANLEGG UNDER UTFØRING (AAU)

Anlegg under utføring er balanseførte til verdien av bokført produksjon av igangsette investeringar i bygg og anlegg. Inntektsføringa blir gjort i takt med at kostnadene for prosjektet kjem på. Det blir ikkje gjort nedskrivningar for risiko for tap, sidan prosjekta blir fullfinansierte av staten etter faktisk medgått tid og materiell.

Prosjekta blir belasta med ein relativ del av dei administrative prosjektkostnadene.

INFRASTRUKTUR

I opningsbalansen for 2002 hadde ein inga nøyaktig oversikt over infrastruktur på dei ulike anlegga. Verdiane som blei registrerte den gongen, blei registrerte som prosentvise verdiar på den eksisterande bygningsmassen. Verdiane blei ikkje registrerte på unike inventarnummer og var ikkje i samsvar med den infrastrukturen som var registrert i eigedomsregisteret.

Verdien på denne infrastrukturen har belasta avskrivningar i rekneskapen som ikkje har generert tilsvarende fakturerte inntekter i form av kapitalelement. Denne kostnaden har såleis belasta rekneskapen til Forsvarsbygg frå 2002 til og med 2008.

I 2009 og 2010 er infrastruktur registrert etter nye utrekningar og kartleggingar og registrert med nye verdiar på unike anleggsnummer. Dette svarar til registreringane i eigedomsregisteret, og det er samsvar mellom avskrivingskostnader og inntekter i form av fakturert kapitalelement.

NATO OG STRID

Nato- og stridsanlegg blir handsama på lik linje med annan bygningsmasse i Forsvarsbygg når det gjeld inntekter og kostnader knytte til husleige og driftsavtalar. Dette inneber at avskrivningar på NATO- og stridsanlegg er inkluderte i leigeinntektene.

To anlegg har særskild finansiering av framtidig fornying. Finansieringa er klassifisert som gjeld til NATO og til staten. Gjelda blir regulert over levetida til anlegga med dei årlege ordinære avskrivningane på anlegga. Dette inneber at avskrivningar på desse anlegga ikkje belastar rekneskapen til Forsvarsbygg.

FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar er førte opp i balansen til pålydande etter frådrag for avsettjing til forventa tap. Avsettjing til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av kvar fordring.

VALUTA

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte til kursen ved slutten på rekneskapsåret.

Den daglege spotkursen til Noregs Bank ved slutten på rekneskapsåret er lagt til grunn.

OMSTILLINGSMIDLAR

Med utgangspunkt i krava til omstilling og effektivisering som er stilte til Forsvarsbygg, er det sett av midlar til å dekkje omstillingskostnader. Omstillingsmidlane representerer ikkje nokon lovheimla rett for kvar ein-skild arbeidstakar. Forpliktinga er vurdert på grunnlag av dei tiltaka som er sette i verk for å stimulere avgang. Forsvarsdepartementet løyver kvart år øyremerkte midlar til å dekkje omstillingskostnadene. Løyvinga er berre knytt til omstillingstiltak i langtidperioden som gjekk ut i 2008. Fordringa er ført opp som ei langsiktig fordring.

STATEN SI KONSERNKONTOORDNING

Statlege verksemdar kjem inn under staten si konsernkontoordning. Denne ordninga inneber at alle bankinnskot/utbetalingar blir gjorde opp dagleg mot verksemda sine oppgjerskonti i Noregs Bank.

Bruttobudsjetterte verksemdar får ikkje tilført likvide midlar gjennom året. Verksemdene har ein trekkrett på konsernkontoen sin som svarar til den netto løyvinga. Skilnaden mellom inntektsført løyving og netto trekk på konsernkontoen går inn i «Mellomvere Eigar». Ved slutten på året gjeld særskilde reglar for oppgjør/overføring av mellomvere.

For bruttobudsjetterte verksemdar blir saldoen på den ein-skilde oppgjerskontoen i Noregs Bank nullstilt ved overføringa til eit nytt rekneskapsår.

SJØLVASSURANDØRPRINSIPP

Staten er sjølvassurandør. Det er såleis ikkje teke med postar i balansen eller resultat-rekneskapen som er meint å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller -forpliktingar.

KONTANTSTRØMOPPSTILLING

Utarbeidd etter den direkte metoden.

Note 02

Driftsinntekter og driftskostnader per forretningsområde

TAL I 1 000 KRONER
2011

	UTLEIGE	UTVIKLING	TILGANG AUU*	SKIFTE EIGEDOM	NASJONALE FESTNINGSVERK	FUTURA	ANDRE	TOTALT
Leigeanntekter	2 036 615	198	0	6 717	66 503	0	0	2 110 032
Inntekter forsyning, reinhald og vertskapstenester	1 483 802	140	0	35	263	0	0	1 484 240
Inntekter frå investeringsprosjekt	0	1 807 908	0	0	0	0	1 927	1 809 835
Kapitalinnskot investeringsprosjekt	0	0	-1 458 247	0	0	0	0	-1 458 247
Vinst ved sal av anleggsmiddel	0	0	0	378 151	0	0	0	378 151
Inntekter frå løyvingar	82 530	65 852	0	30 697	55 171	24 687	11 841	270 778
Honorarinntekter o.a.	13 794	51 346	0	4 479	18 903	16 419	557	105 498
Sum driftsinntekter	3 616 740	1 925 444	-1 458 247	420 080	140 840	41 106	14 325	4 700 287
Vare- og tenestekjøp	1 062 465	1 767 907	-1 345 380	148 571	30 014	16 147	1 605	1 681 328
Leigekostnader innleigde bygg	252 965	480	0	1 529	3	0	23	255 001
Energi - gjennomstrøymingskostnad	576 779	0	0	6 870	10 583	-404	0	593 828
Lønskostnader	559 689	106 949	-72 875	27 708	37 979	53 259	95 274	807 983
Avskrivingar	970 200	186	0	0	20 903	29	4 971	996 289
Andre driftskostnader	95 633	18 617	-39 991	32 621	12 238	6 149	60 367	185 634
Interne inntekter og kostnader	56 823	30 870	0	65 756	29 621	-34 066	-149 004	0
Sum driftskostnader, før nedskrivningar	3 574 554	1 925 009	-1458 247	283 056	141 341	41 114	13 235	4 520 062
Driftsresultat før nedskrivningar	42 186	435	0	137 024	-501	-8	1 090	180 225
Nedskrivningar	1 061	59	0	140 944	0	61	11	142 137
Nedskrivning Kjeller	0	0	0	75 951	0	0	0	75 951
Driftsresultat	41 125	376	0	-79 871	-501	-69	1 078	-37 863

* Tilgang AUU - Tilgang anlegg under utføring

Note 02

Driftsinntekter og driftskostnader per forretningsområde

TAL I 1 000 KRONER 2010	UTLEIGE	UTVIKLING	TILGANG AUU*	SKIFTE EIGEDOM	NASJONALE FESTNINGSVERK	FUTURA	ANDRE	TOTALT
Leigeinntekter	1 960 181	382	0	11 640	62 649	0	0	2 034 852
Inntekter forsyning, reinhold og vertskapstenester	1 457 810	152	0	61	433	17	0	1 458 473
Inntekter frå investeringsprosjekt	0	2 158 748	0	0	0	0	0	2 158 748
Kapitalinnskot investeringsprosjekt	0	0	-1 736 752	0	0	0	0	-1 736 752
Vinst ved sal av anleggsmiddel	0	5	0	303 283	0	99	0	303 387
Inntekter frå løyvingar	24 705	0	0	45 124	41 500	22 252	17 774	151 354
Honorarinntekter o.a.	16 604	100 969	0	633	16 346	26 210	1 064	161 826
Sum driftsinntekter	3 459 299	2 260 257	-1 736 752	360 741	120 928	48 578	18 838	4 531 888
Vare- og tenestekjøp	982 360	2 108 628	-1 644 607	106 652	24 547	20 333	279	1 598 191
Leigekostnader innleigde bygg	247 007	0	0	814	545	0	0	248 366
Energi – gjennomstrøymingskostnad	590 930	121	0	14 091	10 963	404	0	616 509
Lønskostnader	530 245	89 374	-64 502	26 692	37 099	47 834	93 235	759 977
Avskrivningar	947 514	236	0	0	19 998	83	3 670	971 502
Andre driftskostnader	115 510	19 926	-27 644	30 771	11 093	5 627	54 756	210 040
Interne inntekter og kostnader	53 010	45 336	0	48 508	16 769	-29 070	-134 553	0
Sum driftskostnader, før nedskrivningar	3 466 576	2 263 621	-1 736 752	227 528	121 014	45 211	17 387	4 404 585
Driftsresultat før nedskrivningar	-7 277	-3 365	0	133 213	-86	3 367	1 451	127 303
Nedskrivningar	120	0	0	0	0	0	0	120
Driftsresultat	-7 397	-3 365	0	133 213	-86	3 367	1 451	127 183

* Tilgang AUU – Tilgang anlegg under utføring

TAL I 1 000 KRONER 2009	UTLEIGE	UTVIKLING	TILGANG AUU*	SKIFTE EIGEDOM	NASJONALE FESTNINGSVERK	FUTURA	ANDRE	TOTALT
Leigeinntekter	1 809 942	324	0	16 474	63 768	0	35	1 890 543
Inntekter forsyning, reinhold og vertskapstenester	1 402 711	162	0	81	662	0	0	1 403 617
Inntekter frå investeringsprosjekt	0	2 115 346	0	0	0	0	0	2 115 346
Kapitalinnskot investeringsprosjekt	0	0	-1 729 011	0	0	0	0	-1 729 011
Vinst ved sal av anleggsmiddel	-12	0	0	300 723	0	74	0	300 785
Inntekter frå løyvingar	66 452	0	0	52 245	55 540	25 771	28 138	228 146
Honorarinntekter mv	20 657	7 760	0	2 351	15 724	23 895	17	70 404
Sum driftsinntekter	3 299 750	2 123 592	-1 729 011	371 875	135 695	49 739	28 190	4 279 830

Note 02

Driftsinntekter og driftskostnader per forretningsområde

TAL I 1 000 KRONER
2009

	UTLEIGE	UTVIKLING	TILGANG AUU*	SKIFTE EIGEDOM	NASJONALE FESTNINGSVERK	FUTURA	ANDRE	TOTALT
Vare- og tenestekjøp	1 015 730	1 973 779	-1 644 673	131 070	43 029	21 963	407	1 541 304
Leigekostnader innleigde bygg	231 810	0	0	920	372	0	26	233 128
Energi – gjennomstrøymingskostnad	541 691	28	0	9 636	11 364	0	11	562 729
Lønnskostnader	506 435	80 632	-59 036	28 739	34 641	45 748	96 452	733 610
Avskrivningar	872 311	491	0	51	19 713	140	3 612	896 319
Andre driftskostnader	109 827	30 392	-25 301	31 845	14 847	5 249	52 732	219 592
Interne inntekter og kostnader	53 202	31 031	0	50 052	15 515	-23 398	-126 402	0
Sum driftskostnader, før nedskrivningar	3 331 006	2 116 352	-1 729 010	252 312	139 482	49 701	26 838	4 186 682
Driftsresultat før nedskrivningar	-31 256	7 240	-1	119 562	-3 787	37	1 352	93 148
Nedskrivningar	644	0	0	9	0	0	342	995
Driftsresultat	-31 900	7 240	-1	119 553	-3 787	37	1 010	92 153

* Tilgang AUU – Tilgang anlegg under utføring

Note 03

Lønnskostnader, talet på tilsette, godtgjersler o.a.

TAL I 1 000 KRONER	2011	2010	2009
LØNSKOSTNADER			
Løn	673 284	625 451	595 964
Arbeidsgjevaravgift	86 368	80 034	75 235
Pensjonskostnad	87 060	81 344	72 578
Aktiverte lønnskostnader AUU	-72 875	-64 502	-59 036
Andre ytingar og andre personalkostnader	34 146	37 650	48 869
Sum	807 983	759 977	733 610
Årsverk ved slutten av perioden	1 400	1 375	1 358
YTINGAR TIL LEIANDE PERSONAR	LØN OG ANDRE GODTGJERSLER	PENSJONS- KOSTNADER	SUM
Administrerende direktør	1 279	175	1 454

Det er ikkje gjeve lån eller stilt sikkerheit til leiande personar o.a.

Note 04

Nedskrivning kjeller

I samsvar med Stortinget sitt vedtak blei Luftforsvarets hovedverksted Kjeller omdanna til statsføretak 15. desember 2011. Opprettinga av statsføretaket førte med seg at det blei overført eigedomsmasse med ein balanseverdi på kr 75 951. Overføringa var vederlagsfri, noko som førte med seg nedskrivningar på kr 75 951 i rekneskapen til Forsvarsbygg. Den overførte eigedomsmassen er brukt som tingsinnskot i statsføretaket.

Note 05

Varige driftsmidler

	EIGEDLAR, UTSTYR OG INVENTAR	TOMTER	BYGG, ANLEGG INFRASTRUKTUR	SUM
Anskaffingskost 01.01	137 352	2 355 641	40 808 356	43 301 349
Korreksjonar som gjeld rekneskapar for tidlegare år	0	0	56 789	56 789
Justert anskaffingskost 01.01	137 352	2 355 641	40 865 145	43 358 138
Tilgang kjøpte driftsmiddel	11 086	0	0	11 086
Tilgang eigentilverka driftsmiddel	0	0	1 794 958	1 794 958
Avgang	9 736	10 214	264 784	284 734
Anskaffingskost 31.12	138 702	2 345 427	42 395 319	44 879 448
Avsetjing tap på utfasing 01.01	0	0	457 687	457 687
Overført Eigenkapital	0	0	-457 687	-457 687
Avsetjing tap på utfasing 31.12	0	0	0	0
Verdi ansk.kost og avsetj. 31.12	138 702	2 345 427	42 395 319	44 879 448
Akkumulerte av- og nedskrivningar 31.12	91 312	0	7 020 486	7 111 798
Bokført verdi pr. 31.12	47 390	2 345 427	35 374 833	37 767 650
Avskrivningar inkl. NATO-avskrivningar	16 094	0	999 759	1 015 853
Tilbakeførte avskrivningar NATO	0	0	19 564	19 564
Avskrivningar ekskl. NATO	16 094	0	980 195	996 289
Nedskrivningar, inkl. nedskrivning Kjeller	1 193	0	216 895	218 088
Økonomisk levetid	3/10 år		30/60 år	
Avskrivningsplan	Lineær		Lineær	

Rekneskapsført anskaffingskost i høve til tilgang og avgang av anleggsmidler blir påverka av reklassifiseringar som har blitt gjorde, og av inn- og utrangering av EBA-porteføljen. seringer, samt inn- og utrangering av EBA-porteføljen.

TILGANG/AVGANG - SISTE 5 ÅR	2011	2010	2009	2008	2007
Skaffa	1 794 958	2 257 486	1 445 025	2 188 742	304 206
Avhenda (anskaffingskost)	284 734	212 343	697 811	827 681	148 023
Endring anlegg under utføring	-394 913	-390 166	256 707	-467 036	1 349 931

Note 06

Anlegg under utføring

TAL I 1 000 KRONER	ANLEGG UNDER UTFØRING
Inngående balanse 01.01	2 540 949
Justering som gjeld rekneskapar for tidlegare år	4 630
Justert inngående balanse 1.1	2 545 579
Tilgang	1 400 045
Avgang	1 794 958
Anlegg under utføring 31.12	2 150 666

Note 07

Avsetjingar for omstillingar

AVSETJINGAR:	2011	2010	2009
Omstillingsmidlar	3 710	14 758	32 183
Sum	3 710	14 758	32 183

Note 08

Fordringar med forfall seinare enn eitt år

Forsvarsbygg har ingen fordringar med forfall seinare enn eitt år.

Note 09

Mellomvere eigar

Fordringar knytte til skattetrekk utgjer mesteparten av mellomvere eigar.

Det kontantmessige resultatet frå sal av eigedomar og kapitalelementet i husleiga blir overførte til Forsvarsdepartementet kvart år

	2011	2010	2009
Overført overskot kontantrekneskapen	841 710	867 662	1 040 000
Overført overskot ved sal av EBA	135 053	123 635	106 234
Sum overføringar eigar/uttak av eigenkapital	976 763	991 297	1 146 234

Note 10

Eigenkapital

	INNSKOTEN EIGENKAPITAL	REGULERINGS- FOND	ANNAN OPPTENT EIGENKAPITAL	SUM
Inngående balanse 01.01	37 068 188	95 882	1 431 745	38 595 815
Korreksjonar som gjeld rekneskapar for tidlegare år	119 428	0	0	119 428
Justert anskaffingskost 01.01	37 187 616	95 882	1 431 745	38 715 243
Tilført investeringskapital	1 400 047	0	0	1 400 047
Gjort opp trekkrettar, bruttobudsjettet på drift	0	0	-232 978	-232 978
Uttak av eigenkapital	-976 763	0	0	-976 763
Resultatdisponering for året	0	-95 882	58 815	-37 067
Sum eigenkapital 31.12	37 610 900	0	1 257 582	38 868 482

Forsvarsbygg sin arkitekturpris for 2011
gjekk til Idrettsparken bustader på Rena.
Les meir om tildelinga på baksida.

Foto Forside: Ledelsesbygget: Jiri Havran. Resterande bilete: Tine Poppe / s. 2: Akershus festning: Glenn Røkeberg. Frode Sjursen: Tine Poppe / s. 3: Ledelsesbygget: Jiri Havran. Resterande bilete: Tine Poppe / s. 9: Frode Sjursen: Tine Poppe / s. 10-11: Lyskunst på Fredriksten: Henriette Berg-Thomassen / s. 12: Akershus festning utvendes og innvendes: Glenn Røkeberg. Trær: Forsvarsbygg / s. 13: Akershus festning: Forsvarsbygg / s. 15: Andøya: Tine Poppe. Vindusbilde: Gardin Fredriksten: Tine Poppe. Stillas: Tine Poppe / s. 16-17: Regjeringsbygget: Scanpix, Håkon Mosvold Larsen / s. 18: Bømoen: Tom Berger/Inviso. Langesund tankanlegg: Lars Aamodt/C360, Persaunet leir: Roy Urvik/Urkraften AS / s. 20: Mistsandan leir: Matti Bernitz/C360 / s. 21-22: Setermoen: Tine Poppe. Forsvarssjef Harald Sunde: Torgeir Haugaard/Forsvarets mediesenter / s. 23: Arne Ellingsen: Forsvarsbygg / s. 24-25: Illustrasjon Jørstadmoen arena: 3RW arkitekter / s. 26: Sessvolmoen: Allejandro Perez. Galeien: Forsvarsbygg / s. 27: Sessvolmoen: Allejandro Perez. Blandingsgassboden: Forsvarsbygg / s. 28-29: Rena: Tine Poppe. Briggen: Forsvarsbygg / s. 32-33: Fredsskipa: Henriette Berg-Thomassen / s. 35: Ledelsen: Tine Poppe / s. 40: JWC: Forsvarsbygg, Treningsanlegg Haakonvern: Ivan Brodey / s. 41: Fredsskipa: Henriette Berg-Thomassen. Kasernebygg: Tine Poppe. Kamply: www.jsf.mil / Denne side og baksiden: Idrettsparken bustader: Tine Poppe

Konsept og design Creuna



Papir Cocoon, 100 % resirkulert

Arkitekturprisen 2011 til Idrettsparken bustader Rena

Forsvarsbygg sin arkitekturpris for 2011 vart tildelt Idrettsparken bustader på Rena. Anlegget består av 20 husvære fordelt på seks hus og vart reist i 2009–2010. Det ligg i Rena sentrum og huser yngre befall og verva personell.

I grunngevinga framhevar juryen det arkitektoniske uttrykket, som har henta noko av særpreget frå den gamle brannstasjonen på staden. Prosjektet vart òg rosa for god tilpassing til området rundt, høg brukskvalitet og god funksjon. Byggjeteknisk er prosjektet nyskapande ved at det er nytta prefabrikerde element i massivtre. Planlegging og gjennomføring er gjort etter buildingSMART-metodikk.

Arkitekt: LPO Arkitekter as

Forsvarsbygg

Postboks 405 Sentrum,

0103 OSLO

Telefon: 815 70 400

post@forsvarsbygg.no

www.forsvarsbygg.no

